


Protokollar

1989

Styre og

Rep. skap for

VØR



PER MULVIK AS

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK - BYGGELEDELSE

KOMMUNALTEKNIKK - LANDMÅLING

6101 VOLDA,

BOKS 86

Telefon 070-76 535

Telefax 070-78 163

Mobiltelefon 090-32 399

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Representantskapsmøte 24.11.89.

Til stades: Jan Driveklepp, Rasmus Tunheim, Ingrunn Humberst, Olav Røv,
Emil Olsen, Jakob Koppen, Lars Petter Øye, Knut Brune, Per
Schjelderup.

Einar Flø melde forfall. Varamann var innkalla, men møtte ikkje.
Fredrik Mork Håskjold møtte ikkje.
Jostein O. Mo møtte ikkje.

Det vart fatta slike vedtak:

Sak 6/89 Kjøp av ny innsamlingsbil.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 7/89 Overtaking av arbeidsgjevaransvaret.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 8/89 Finansiering av glasinnsamling.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 9/89 Finansiering av papirinnsamling.

Representantskapet tek styrets vedtak til vitande. Samrøystes.

Sak 10/89 Vedtektsendring.

Jan Driveklepp reiste spørsmål om sin gildskap i høve til saka. Han forlet
møtet og representantskapet røysta over Driveklepp sin gildskap.

Driveklepp vart kjend ugild med 3 mot 2 røyster.

Styrets tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.


Volda 28.11.89

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Går til: medl. i representantskapet

styreformann

driftsleiar

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Representantskapsmøte 2.11.89.

Til stades: Jan Driveklepp, Rasmus Tunheim, Einar Flø, Emil Olsen, Fredrik
Mork Håskjold, Lars Petter Øye, Knut Brune, Per Schjelderup.

Ingrunn Humperset melde forfall. Varamann møtte ikkje.

Jostein O. Mo melde forfall. Varamann møtte ikkje.

Olav Røv møtte ikkje.

Det vart fatta slike vedtak:

Sak 3/89 Budsjett 1990.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 4/89 Avgifter 1990.

Fredrik Mork Håskjold kom med framlegg om å stryke posten avgifter på privat levering med kr. 50.000,-.

Det vart røysta over framlegget.

Framlegget fekk 1 røyst.

Deretter vart det røysta over styrets tilråding.


Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 5/89 Investeringar for spesialavfall.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Volda 3.11.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA



Går til: Medl. i representantskapet, styreform., driftsleiar

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

M Ø T E B O K

År 1990, mandag 23. april vart det halde møte i Representantskapet for Volda / Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Rasmus Tunheim
Einar Flø
Fredrik Mork Håskjold
Emil Olsen
Olav Røw

Elles møtte: Styreformann Lars Petter Øye
Driftsleiar Knut Brune

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

- Sak 1/90 Søknad om fritak frå formannsvervet i representantskapet.
Vedtak: Saka vart samrøystes utsett.
- Sak 2/90 Årsmelding for 1989.
Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend etter tilrådinga.
- Sak 3/90 Rekneskap for 1989.
Vedtak: Rekneskapen vart samrøystes godkjend etter tilrådinga.
- Sak 4/90 Byggerekneskap for komprimatorstasjonen.
Vedtak: Rekneskapen vart samrøystes godkjend etter tilrådinga.
- Sak 5/90 Lånefinansiering.
Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.
- Sak 6/90 Budsjettendring 1990.
Vedtak: Budsjettendringa for 1990 vart samrøystes vedteke i samsvar med vedlagte oppstilling.

Hovdebygda, den 11. mai 1990


Knut Brune
driftsleiar

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
6160 Hovdebygda

BUDSJETT FOR 1990

Utgifter 1990:

38.00.010	Faste løner	Kr. 1.647.000,-
081	Ekstrahjelp	" 190.000,-
082	Overtid	" 30.000,-
090	Arb.gj.avgift	" 249.792,-
091	Pensjon	" 132.465,-
110	Nyanskaffelser maskiner / tekn.utstyr	" 90.000,-
200	Kontorutgifter	" 10.000,-
210	Lys / Brensel	" 30.000,-
212	Vask / Reinhald	" 25.000,-
225	Trygd bygg	" 8.000,-
226	Grunnleige	" 650,-
230	Reise / Kostgjodtgjersle	" 20.000,-
231	Ferjeutgifter	" 10.000,-
240	Avgifter / Trygd bilar	" 75.000,-
250	Drivstoff bilar	" 85.000,-
255	Transport til Grautneset	" 387.493,-
256	Transport glas	" 10.000,-
257	Transport spesialavfall	" 20.000,-
260	Rep. / Vedlikehald bilar	" 100.000,-
270	Klægodtgjersle	" 15.000,-
289	Avskr. bilar	" 270.000,-
290	Andre utgifter	" 25.000,-
294	Rekneskap / Revisjon	" 30.000,-
295	Leige maskiner / bilar	" 100.000,-
296	Sekkekjøp	" 360.000,-
297		" 0,-
298	Forbrenningskostnader	" 2.472.000,-
380	Renter kassakreditt	" 30.000,-
397	Renter bygg	" 440.000,-
400	Kjøp lastebil	" 760.700,-
580	Avdrag	" 0,-
	Utgifter	<u>Kr. 7.623.100,-</u>

Inntekter 1990:

38.00.60	Sal av sekkar	Kr. 30.000,-
61	Renovasjonsavg. 5.200 à kr. 1.037,-	" 5.392.400,-
62	Forretn.avfall 32.000 à kr. 20,-	" 640.000,-
62	Forretn.avfall 5.000 à kr. 114,-	" 570.000,-
	Privat levering	" 50.000,-
	Grovavfall 1.500 à kr. 60,-	" 90.000,-
984	Lån BN-Kreditt AS	" 1.000.000,-
	Inntekter	<u>Kr. 7.772.400,-</u>

Overskot, som vert nytta til å styrke
kontantmidelen

Kr. 149.300,-

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Jan Driveklepp
Fredrik Mork Håskjold
Emil Olsen
Ingrunn Humberstet
Rasmus Tunheim
Jostein O. Mo
Einar Flø
Olav Røv

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Rasmus R. Aarflot
Knut Brune
Knut Brune

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt kopi av vedtak i representantskapsmøte 11.5.89.

Desse møtte: Jan Driveklepp, Emil Olsen, Ingrunn Humberstet, Einar Flø,
Olav Røv.

Rasmus Tunheim hadde meldt forfall, varam. var innkalla, men møtte ikkje.

Dessutan møtte: Lars Petter Øye, Knut Brune, Per Schjelderup.

Ingrunn Humberstet kom med fylgjande oppmoding:

Styret vert bedd om å legge anlegget best mogleg til rette for funksjonshemma.

Einar Flø kom med fylgjande oppmoding:

Styret vert bedd om å utarbeide detaljplan for uteanlegget.

Forøvrig var det synfaring på anlegget i Hovdebygda, og det vart gjeve orientering om reinhaldsverket og dei tankane ein har framover.

Volda 12.05.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA
Lars Schjelderup

PER MULVIK

Volda/Ørsta Reinhaldsverk - representantskapet.

Sak 1/89 Innsamlingsrutinane.

I møte 11.5.89 vart tilrådinga frå styret samrøystes vedteke.

Sak 6/89 Innsamlingsrutinane.

Representantskapet gjorde i sak 6/88 pkt. 7 slikt vedtak:

"Sekretariatet får i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise."

På det tidspunkt vedtaket vart fatta, april 88, gjekk framdriftsplanen ut på at omlastingsstasjonen skulle vere driftsklar i løpet av hausten 88. På grunn av lang saksbehandlingstid i ymse organ, har saka drege ut, slik at omlastingsstasjonen vil bli nærare eitt år forseinka i høve til tidlegare planer.

Styret i reinhaldsverket har lagt opp til at innsamlingsrutinane skal rasjonaliserast. Korleis dette vil slå ut veit ein først når omlastingsstasjonen har vore i drift ein periode. VIAK A/S har gitt pris på utarbeiding av tilbodsdokument og innhenting av tilbod på privat innsamling. Begge kommunane har gjort vedtak om at ein føresetnad for privatisering er at dei tilsette skal sikrast vidare arbeid. Volda kommune har elles knytt til at tilsetjingsvilkåra skal vere dei same som kommunetilsette arbeidstakarar har, og at reinhaldsverket sine bilar kan seljast til ein tilfredsstillande pris.

Ein viktig føresetnad for innhenting av tilbod på innsamlinga må vere at det finns eit relevant samanlikningsgrunnlag. Det er såleis viktig at opplegget som styret har skissert blir sett i verk og blir halde i drift til rutinane er innarbeidde, slik at kostnadene direkte kan samanliknast med dei tilbod som blir innhenta.

Slik situasjonen er no, vurderer ein det slik at det vil gå eitt år før naudsynt erfaringsmateriale er klart. Det vil såleis vere føremålstenleg å vente med innhenting av tilbod til 1990.

Før spørsmålet om evt. privatisering av innsamlinga skal endeleg avklarast, må det takast stilling til ei rekkje andre spørsmål knytte til renovasjonen. Dette gjeld anlegg og drift av grovavfallsfyllplass, slambehandling, spesialavfall og batterimottak og anna. Desse tenestene er dessutan av ein slik karakter at det nok er mest føremålstenleg at dette er underlagt offentleg styring/drift.

Omlastingsstasjonen skal vere i reinhaldsverkets eige, og dei ovannemnde tenestene vil bli koordinert via stasjonen. Vidare må reinhaldsverket ha den overordna styringa. Det synest difor klart at reinhaldsverket må ha tilsette sjølv om innsamlinga skulle bli privatisert.

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Volda/Ørsta Reinholdsværk vil avvente vurdering av innsamlingsrutinane til det er gjort naudsynte erfaringar med det opplegg for drifta som allereie er vedteke. Spørsmål om privatisering av innsamlinga blir såleis å vurdere på eit seinare tidspunkt.

Samrøystes vedteke i styremøte 7.2.89.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk - representantskapet.

Sak 2/89 Lån i Norges Kommunalbank.

I sak 8/88 vedtok representantskapet å låne inntil slike beløp:

Byggelån	kr. 5,1 mill.
Fastlån	kr. 1,4 mill.
Kassekreditt	kr. 3,1 mill.

Fastlånet på 1,4 mill. er teke ut i Realkreditt. Behovet for byggelån og kassekreditt er vesentleg redusert, kfr. styresak 30/88.

Det er ikkje gjort formellt vedtak i representantskapet om å ta opp lån i Kommunalbanken, men ettersom lånet også vil fungere som byggelån, har styret sett det slik at låneopptaket ligg innanfor vedtaket i representantskapssak 8/88. Lånet vil også fungere som fastlån, dette går fram av finansieringsplanen som tidlegare er godkjend. Som fastlån må lånet i Kommunalbanken vedtakast av representantskapet.

Løysinga som er valgt gir lavast mogleg finanskostnader for reinhaldsverket.

Tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtek å ta opp lån i Norges Kommunalbank i samsvar med tilsagn datert 1. desember 1988.

Samrøystes vedteke i møte 11.5.89.

Sak 5/89 Kassekreditt og byggelån.

Saka har tidlegare vore handsama av styret i sak 18/88 b), 19/88 og 1/89 og av representantskapet i sak 8/88 og 9/88.

I sak 8/88 vedtok representantskapet å låne inntil slike beløp:

Byggelån	kr. 5,1 mill.
Fastlån	kr. 1,4 mill.
Kassekreditt	kr. 3,1 mill.

I sak 9/88 vart Sunnmørsbanken A/S valgt til banksamband for kassekreditt og byggelån, medan Realkreditt vart valgt for fastlånet. Dette låneopptaket er godkjent av fylkesmannen, medan kommunane vedtok å kome tilbake til kassekreditt og byggelån når endeleg lånevilkår ligg føre.

Etter at det har blitt klart korleis kapitalstraumen vil gå, har styreform. og sekr. vore i drøftingar med Sunnmørsbanken A/S om tilpasning av lånevilkår ut frå dette og i samsvar med bankens tidlegare tilbod.

1. For byggelånet er limit endra frå 5,1 mill. til 1,0 mill., og renta er sett ned 0,5 % til 12,25 % p.a. Årsaka til reduksjon av limit er at lån i Realkreditt og Kommunalbanken blir utbetalt så snart garantivedtaka er godkjende av fylkesmannen.
2. For kassekreditt er limit endra frå 3,1 mill. til 1,0 mill., og renta er sett ned 0,5 % til 16,5 % effektiv. Årsaka til reduksjon av limit er at overføring av midlar frå kommunane skal skje forskotsvis, slik at behovet for kassekreditt er redusert.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Styret vedtek å ta opp byggelån stort kr. 1,0 mill. på vilkår som går fram av tilbod av 25. jan. 1989 frå Sunnmørsbanken A/S.
2. Styret vedtek å ta opp kassekredittlån stort kr. 1,0 mill. på vilkår som går fram av tilbod av 25. jan. 1989 frå Sunnmørsbanken A/S.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Volda formannskap

Ørsta formannskap

Volda/Ørsta Reinhaldsverk – avgifter 1990.

Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk vedtok samrøystes i møte 2.11.89 framlegg til avgifter for 1990.

Vedlagt blir oversendt saka for vidare handsaming i kommunane.

Etter vedtektene § 11 skal kommunestyra vedta abonnementsavgifta.

Volda 3.11.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Kopi: styreform. Lars Petter Øye
driftsleiar Knut Brune

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Representantskapsmøte 2.11.89.

Til stades: Jan Driveklepp, Rasmus Tunheim, Einar Flø, Emil Olsen, Fredrik Mork Håskjold, Lars Petter Øye, Knut Brune, Per Schjelderup.

Ingrunn Humberstet melde forfall. Varamann møtte ikkje.

Jostein O. Mo melde forfall. Varamann møtte ikkje.

Olav Røv møtte ikkje.

Det vart fatta slike vedtak:

Sak 3/89 Budsjett 1990.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 4/89 Avgifter 1990.

Fredrik Mork Håskjold kom med framlegg om å stryke posten avgifter på privat levering med kr. 50.000,-.

Det vart røysta over framlegget.

Framlegget fekk 1 røyst.

Deretter vart det røysta over styrets tilråding.


Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 5/89 Investeringar for spesialavfall.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Volda 3.11.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA



Går til: Medl. i representantskapet, styreform., driftsleiar

PER MULVIK AS

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK - BYGGELEDELSE

KOMMUNALTEKNIKK - LANDMÅLING

6101 VOLDA,

BOKS 86

Telefon 070-76 535

Telefax 070-78 163

Mobiltelefon 090-32 399

Jan Driveklepp

Fredrik Mork Håskjold

Emil Olsen

Ingrunn Humberset

Rasmus Tunheim

Jostein O. Mo

Einar Flø

Olav Røv

Lars Petter Øye

Knut Brune

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt sakene til representantskapsmøte fredag 24.11.89 kl. 19.00.

Sak 6/89, 8/89 og 9/89 er av orienterende karakter, der prinsippa skal vedtakast.


Volda 16.11.89

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



PER MULVIK AS

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK - BYGGELEDELSE

KOMMUNALTEKNIKK - LANDMÅLING

6101 VOLDA,

BOKS 86

Telefon 070-76 535

Telefax 070-78 163

Mobiltelefon 090-32 399

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Representantskapsmøte 24.11.89.

Til stades: Jan Driveklepp, Rasmus Tunheim, Ingrunn Humberst, Olav Røv,
Emil Olsen, Jakob Koppen, Lars Petter Øye, Knut Brune, Per
Schjelderup.

Einar Flø melde forfall. Varamann var innkalla, men møtte ikkje.
Fredrik Mork Håskjold møtte ikkje.

Jostein O. Mo møtte ikkje.

Det vart fatta slike vedtak:

Sak 6/89 Kjøp av ny innsamlingsbil.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 7/89 Overtaking av arbeidsgjevaransvaret.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 8/89 Finansiering av glasinnsamling.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 9/89 Finansiering av papirinnsamling.

Representantskapet tek styrets vedtak til vitande. Samrøystes.

Sak 10/89 Vedtektsendring.

Jan Driveklepp reiste spørsmål om sin gildskap i høve til saka. Han forlet
møtet og representantskapet røysta over Driveklepp sin gildskap.

Driveklepp vart kjend ugild med 3 mot 2 røyster.

Styrets tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.


Volda 28.11.89

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Går til: medl. i representantskapet

styreformann

driftsleiar

Volda/Ørsta Reinholdswerk – representantskapet

Sak 6/89 Kjøp av ny innsamlingsbil.

I styresak 40/89 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Administrasjonen får i oppdrag å innhente tilbod på ny renovasjonsbil.

Volda/Ørsta Reinholdswerk – representantskapet

Sak 7/89 Overtaking av arbeidsgjevaransvaret.

I styresak 37/89 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet vedtek at bemanninga skal vere inntil 11 tilsette.
2. Reinholdswerket vil overta arbeidsgjevaransvaret frå 1.1.1990, og bed Volda kommune gje dei tilsette formell melding om overgang til ny arbeidsgjevar.
3. Det må opprettast avtale med KLP.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Volda/Ørsta Reinholdswerk - representantskapet.

Sak 8/89 Glasinnsamling.

I styresak 43/89 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Volda/Ørsta Reinholdswerk kjøper inn 10 stk. iglokontainerar for glasinn-samling til ein kostnad på kr. 9.610,- pr. stk. inkl. transport og mva. Dersom ein oppnår tilfredsstillande kontrakt vert innsamling og transport tildelt Vest Miljø A/S, Hareid, for 2 år frå kontraktsdato.

Volda/Ørsta Reinholdswerk - representantskapet

Sak 9/89 Papirinnsamling.

I styresak 41/89 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Papirinnsamling etter alternativ 2 vert iverksett som prøveordning når tilfredsstillande prisavtale med mottakar er oppnådd.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk – representantskapet.

Sak 10/89 Vedtektsendring.

I styresak 47/89 vart det med 4 mot 1 røyst gjort slikt vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Vedtektenes § 3, 3. ledd, blir endra og får slik ordlyd:

"Ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket.
Styret avgjer om rekneskapen skal førast i privat eller offentleg regi.
Revisjon av rekneskapen skal utførast av distriktsrevisor."

Jan Driveklepp reiste spørsmål om sin gildskap i høve til saka. Han forlet møtet, og representantskapet røysta over Driveklepp sin gildskap. Driveklepp vart kjend ugild med 3 mot 2 røyster.

Styrets tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

Styremøte 3/4. 90.

Saker 3-6-7-8-9-10-11-12-13-14

Volda/Ørsta Reinholdswerk
6160 Hovdebygda

M Ø T E B O K

År 1990, den 3. april vart det halde styremøte i Volda/Ørsta Reinholdswerk på Miljøstasjonen i Hovdebygda kl. 1900.

Til stades: Lars Petter Øye, Rasmus R. Aarflot, Knut Bere og Per Mork.
Helge Remøy hadde meldt forfall og møtte ikkje.
Frå administrasjonen: Knut Brune.
Frå Voldaregnskap AS: Jon-H. Martinussen.

Desse sakene vart handsama:

Sak 6/90 Tilsetjing av fagarbeidar.
Aarflot kom med framlegg om at Ove Standal skulle tilsetjast, og Bere kom med framlegg om at Odd Ottestad skulle tilsetjast. Bere ba om prøverøysting, som ga 3 stemmer til Standal og 1 stemme til Ottestad. Bere trekte so sitt framlegg. Ved endeleg avrøysting vart Ove Standal tilsett samrøystes.

Vedtak: Ove Standal vert tilsett som fagarbeidar etter stillingskode 6198.

Sak 7/90 Årsmelding for 1989.
Årsmeldinga frå administrasjonen vart referert, og styret hadde ikkje merknader.

Vedtak: Styret rår representskapet til å gjere slikt vedtak: Årsmeldinga for 1989 vert godkjend.

Sak 8/90 Rekneskap for 1989.
Rekneskapen vart framlagd. Styret hadde ikkje merknader til denne.

Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Årsrekneskapen for 1989 vert godkjend.

Sak 9/90 Byggerekneskap for komprimatorstasjonen.
Byggerekneskapen var framlagt. Styret hadde ikkje merknader til denne.

Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Byggerekneskapen vert godkjend.

Sak 10/90 Lånefinansiering.
Ein viser til representantskapssak 6/89. Det er innhenta tilbod om lånefinansiering frå 3 finansinstitusjonar, og det gunstigaste er gjeve av BNN-Kreditt AS.

Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:
Ein tek opp eit lån i BNN-Kreditt AS, storleik kr.
1.000.000,-, nedbetaling over 8 år, rentefot 11,6%
p.a., med pant i selskapet si eigedom i Hovdebygda.

Sak 11/90 Budsjettendring.
Styret viser til låneopptak i sak 10/90 på kr. 1.000.000,-.
Ny budsjettpost: 38.00.984 Lån BNN-Kreditt AS kr. 1.000.000,-.
Ny budsjettpost: 38.00.400 Kjøp av ny lastebil, kr. 760.700,-.
Ny budsjettpost: 38.00.110 Nyanskaffelser maskiner / teknisk
utstyr, kr. 90.000,-.
Kontantmidelen vert styrka med kr. 149.300,-.

Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:
Budsjettendringa vert vedteke i samsvar med ovanstående
oppstilling.

Sak 12/90 Søknad om fritak for renovasjon.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

Sak 13/90 Anke i sak 4/90 frå Dagfinn Bjørkedal.

Vedtak: Styret held fast på sitt vedtak. Saka vert sendt over
til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.

Sak 14/90 Under handsaming av sak 6/90 vart referert eit brev frå Volda
kommunale fagforening. Mot 1 røyst vart det vedteke å sende
fylgjande svarbrev:

Volda kommunale fagforening
6100 Volda
Under tilsetjing av fagarbeidar vart Dykkar brev av 30/3-90
referert.
Styret seier seg usamd i påstandane i brevet.
Ein legg ved kopi av siste arbeidsavtale mellom Ove Standal og
Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Det vert innkalla til møte i representantskapet måndag 30. april 1990 kl.
1900 på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Møtet slutt kl. 2300.

Hovdebygda, den 10. april 1990


Knut Bruene
driftsleiar

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. 10/90

Sakshandsamar: Knut Brune

KJØP AV TRANSPORT- OG LAGRINGSMATERIELL.

Ein har i nokon tid vore klar over at selskapet sin bilpark er noko gamal og nedsliten. Dessutan har ein fått stendig fleire transportoppgåver i samband med drifta, slik at det no er naudsynt å gå til kjøp av ein ny lastebil.

Ein har henta inn tilbod frå Scania Vabis, Mercedes Benz og Volvo. Etter vurdering er ein kome til at kvaliteten på bilane er langt på veg jamngod, og då må det veljast på grunnlag av brukseigenskapar, pris og serviceopplegg.

Scania Vabis har det lågaste tilbodet; Serviceopplegget er bra; Brukseigenskapane synes å vere høvelege for vårt behov.

Pris utan vinsj, som ein ikkje har bruk for no, men med 7% investeringsavgift, er på kr. 760.700,-.

Budsjettet for 1990 må i så fall endrast, slik at ein får ein ny post, 38.00.400 Lastebil Kr. 760.700,-.

For å fylgje opp tidlegare vedtak om glasinnsamling, må ein kjøpe 10 glasigloar for utplassering i kommunane. Desse kostar omlag kr. 90.000,- til saman, medrekna frakt og investeringsavgift.

Ein må og kjøpe ein 24 m³ container til komprimatorstasjonen for at kapasiteten i mottaket skal vere stor nok og ein skal kunne unngå ventetid for folk og materiell. Denne kostar kr. 52.500,-, investeringsavgift medrekna. Kostnadene vert å føre opp under post 38.00.110 Nyanskaffelser maskinar og teknisk utstyr, med kr. 142.500,-.

Tilråding til vedtak: Ein går til kjøp av Scania P 93 ML 4x2 lastebil ifylgje tilbod, til ein pris av kr. 760.700,- inkl. 7% investeringsavgift, og 10 glasigloar og 1 24 m³ container, pris til saman kr. 142.500,- medrekna 7% investeringsavgift. Budsjettet for 1990 vert å auke med ny post, 38.00.400 Lastebil, kr. 760.700,-, og ny post 38.00.110 Nyanskaffelser maskinar og teknisk utstyr, kr. 142.500,-. Budsjettauke til saman kr. 903.200,-.

Vedtak:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. 11/90

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

Budsjettendring.

Ein viser til sak 10/90 og representanskapssak 6/89 om opptak av lån på kr. 1.000.000,- og kjøp av ny lastebil og 10 glasigloar.

Ovannemnde låneopptak og kjøp betingar at budsjettet for 1990 vert endra.
Framlegg til endring:

Ny budsjettpost:	38.00.984 Lån BN-Kreditt AS	kr. 1.000.000,-.
	38.00.400 Kjøp av ny lastebil	kr. 760.700,-.
	38.00.100 Nyanskaffelser maskiner og teknisk utstyr	kr. 90.000,-.

Overskytande, kr. 149.300,-, vert nytta til å styrke kontantmidelen.

Tilråding til vedtak: Styret vedtek budsjettendring for 1990 som framgår av ovanstående oppstilling.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. 11/90

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

Låneopptak til finansiering av kjøp av lastebil, glascontainere (igloar) og 1 stk. 24 m3 container til komprimatorstasjonen, kostnad til saman, jfr. sak 10/90, kr. 903.200,-.

Det er henta inn tilbod om lån på kr. 1.000.000,- hos 3 låneinstitusjonar. Lånet skal ha ei løpetid på 8 år. Det rimelegaste tilbodet har ein fått frå Bolig- og Næringskreditt AS, dei krev at Volda og Ørsta kommunar skal stå som proratarisk ansvarlege debitorar for lånet i tillegg til 1. prioritets pant i Reinhaldsverket sin eigedom i Hovdebygda. Effektiv rente 12,2% ved renteregulering første gong i juni 1993. Attåt kjem formidlingsprovisjon til Sunnmørsbanken med 1/4%.

Sunnmørsbanken har gjeve eit tilbod som er nesten like bra, nemleg 12,8% nominell rente, effektiv ca. 13,2%. Sunnmørsbanken godtek eiendommen som einaste sikkerheit, utan takst. Det er ikkje rentebinding på lånet. Dette tyder at ein får lavare rente ved allminneleg rentenedgang, men og auke ved det motsatte.

Dersom ein tek opp eit lån på kr. 1.000.000,-, vil ein løyve ca. kr. 96.000,- i høve til investeringsbehovet. Det ville vere høveleg å nytte desse pengane til å styrke kontantmidelen, jfr. overskridelsane på komprimatorstasjonen.

Tilråding til vedtak: Ein tek opp eit lån i BNN-Kreditt AS, storleik kr. 1.000.000,-, nedbetaling over 8 år, rentefot 11,6%, med pant i selskapet si eigedom i Hovdebygda. Lånet skal benyttast til kjøp av i høve til det som er nemnt i sak 10/90 og til å styrke kontantmidelen.

Vedtak:

Til styremedlemene.

Styremøte i Volda/Ørsta reinhaldsverk 21.12.89.

MØTEBOK

Sak/50. 89 Budsjetjustering 1989.

Sakshandsamar Knut Brune

Då budsjettet for 1989 var oppsett rekna ein med drift av Miljøstasjonen/komprimatoranlegget det meste av året, forseinka beslutningsprosess i kommunane, dårleg ver vinteren 88/89 kom ikkje stasjonen i drift før hausten 1989.

Drifta måtte difor det meste av året gjennomførast med andre rutiner, innleige av transportmatriell og større bemanning enn budsjettåt med Dette førte til meirforbruk på ein del postar og mindre forbruk på andre og det difor rett å foreta ei budsjettjustering.

Då vi ei periode ikkje fekk ført rekneskapa (bygg og drift) og vidare skifte rekneskaførar har budsjettjusteringa ikkje kunne leggest fram før no.

Tilråding til vedtak

Styret vedtek budsjettjustering for 1989 son framgår av vedlagde oppstilling.

Vedtak.

Samrøystes.

Volda 22.1.90


Knut Brune
driftsleiar

Styremøte i Volda/Ørsta reinhaldsverk 19.12.89

MØTEBOK

Sak 49/89. Tilbod,ny renovasjonsbil

Sakshandsamar Knut Brune

Etter styrevedtak i sak 40/89 er det innhenta tilbod frå Volvo , Scania og Mercedes.

Tilboda er innhenta ved direkte henvendelse frå dei lokale levrandørane i Ålesund. Samtlege har dei beste referansar om kvalitet og godt driftsutstyr.

Alle tilboda er gitt med same type komprimator, Norba K.I.12 13,5 m3 og vinsj for konteinartøming.

Eg har lagdt avgjerande vekt på å skaffe fram renovasjonsaggregat som ein kjenner både drift og servissida ved. Frå før har reinhalds - verket 2 stk Norba komprimatorar som vi har den beste erfaring med, og det ligg driftsøkonomiske fordelar i å satse på ei viss standarisering med hensyn til reservedelar og vedlikehald.

Ved samanstillinga nedanfor går det fram at Scania har det billigaste tilbodet, i tillegg vil eg peike på netto lastevekt.

Tilråding til vedtak

Volda/Ørsta reinhaldsverk aksepterar tilbodet frå Scania Vest A/S og går til innkjøp av 1 stk. Scania P 93 ML 4X2 med 13,5m3 Norba komprimator under føresetnad av at tilfredstillande kontrakt vert oppnådd.

Vinterhjul og rygge TV vert halde utanfor denne kontrakta.

Kostnaden skal finansjerast ved låneopptak.

Vedtak.

Under føresetnad om tilfredstillande kontrakt og finansiering vedtek Volda/Ørsta Reinhaldsverk å kjøpe 1 stk. Scania P 93 med 13,5m3 Norba komprimator som det framgår av tilbod av 16.11.89.

Vinterhjul og rygge TV vert halde utanfor denne kontrakta.

Kostnaden skal finansierast ved låneopptak og tinging kan skje straks med atterhald om godkjendt finansiering.

Adminstrasjonen vert bedt om å legge fram sak om finansieringa.

Volda 22.1.90


Knut Brune
driftsleiar

Tilbod Scania

1 stk. Scania P 93 ML 4x2, akselavstand 3,8 m. Motor 211 HK. Gratis servis etter avtale	kr. 350.000,- " 10.000,- <hr/>
Tillegg til tilbud 6 komplett vinterhjul " " " 1 stk rygge TV	" 340.000,- " 17.530,- " 15.900,- <hr/>
	" 373.430,-
1 stk Norba type KI 12 13,5 m3 med Warta vinsj Tillegg for 1 stk blinklys på komprimator	" 368.230,- " 1.560,- <hr/>
	" 743.430,- " 52.025,- <hr/>
7% I.V.A.	" 795.245,- <hr/> <hr/>

Leveringstid 12 veker

Tilbod Mercedes Benz

1 stk. Mercedes Benz 1520 /36 akselavstand 3,64m. motor 211 HK 6 stk komplett vinterhjul 1 stk rygge TV	kr. 349.800,- " 10.800,- " 15.900,- <hr/>
	" 376.500,-
1 stk Norba KI 12 13,5m3 med Warta vinsj	" 369.630,- <hr/>
	" 746.130,- " 52.220,- <hr/>
7% I.V.A.	" 798.359,- <hr/> <hr/>

Leveringstid 12 veker.

Tilbod Volvo

1 stk FL 7 4x2 akselavstand 4,10 m. Motor 245 HK	kr. 411.600,-
1 stk Norba KI 12 13,5m3 med Warta vinsj	" 368.800,-
Tillegg til tilbud 6 stk komplett vinterhjul 1 stk rygge TV	" 18.200,- " 15.900,- <hr/>
	" 814.500,- " 57.015,- <hr/>
7% I.V.A.	" 871.515,- <hr/> <hr/>

Leveringstid 12 veker.

PER MULVIK AS

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK - BYGGELEDELSE

KOMMUNALTEKNIKK - LANDMÅLING

6101 VOLDA,

BOKS 86

Telefon 070-76 535

Telefax 070-78 163

Mobiltelefon 090-32 399

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Jan Driveklepp

Knut Brune

Per R. Mork

Volda/Ørsta Reinholdsværk.

Det vart gjort slike vedtak på styremøte 14.11.89, der samtlege møtte:

Sak 37/89 Arbeidsgjevaransvaret.

Lars Petter Øye kom med slikt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet vedtek at bemanninga skal vere inntil 11 tilsette.
2. Reinholdsværket vil overta arbeidsgjevaransvaret frå 1.1.1990, og bed Volda kommune gje dei tilsette formell melding om overgang til ny arbeidsgjevar.
3. Det skal opprettast avtale med KLP.

Framlegget frå Lars Petter Øye vart samrøystes vedteke.

Sak 38/89 Byggerekneskap.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Styret tek førebels byggerekneskapen til vitande, og bed sekretæren arbeide med restfinansiering.

Sak 37/89 Arbeidsgjevaransvaret.

Saka har vore handsama ved fleire høve, seinast i møte 26.9.89, og vart då utsett i påvente av bemanningsplan.

Frå 1.10. i år har 2 av dei tilsette, Matias Hovden og Kristian Eikrem, slutta etter oppnådd aldersgrense. Frå 1.1.90 ynskjer også Jarnar Fremmerlid å slutte av same grunn. Ved årsskiftet vil det difor vere att 10 tilsette.

I budsjettet for 1990 er det lagt til grunn 11 stillingar. Desse er fordelt med 3 faste sjåførar, 6 innsamlarar (herav 2 vikarsjåførar), 1 til drift av stasjonen og driftsleiar.

For å kunne dekke opp dei aktivitetar som naturleg ligg til ein miljøstasjon med utvida opningstider, vil 11 stillingar totalt vere eit absolutt minimum.

Når stillinga etter Fremmerlid vert ledig frå 1.1.90. vil det vere behov for ein person med sertifikat i klasse 2 (C) for å oppretthalde sjåførstaben. Det vil då i alt vere 5 sjåførar. Dette er nødvendig med tanke på sjukefråver, ferieavvikling og andre transportoppdrag som etter kvart vil melde seg.

Ved tilsetjing av ein person no er stoda den at ei slik stilling formellt vil ligge under reinhaldsverket, medan formell overføring av dei andre stillingane ikkje er gjennomført.

Når det gjeld arbeidsgjevarforholda viser eg til utgreiing frå KS datert 22.06.89, der det blir fastslått at formell overtaking kan gjennomførast når vedtektene er godkjende. Slik godkjenning er gitt.

Det som no må skje, er at tidlegare arbeidsgjevar må gje dei tilsette formell melding om overgang til ny arbeidsgjevar. Dessutan må det opprettast avtale med KLP.

I forholdet til tidlegare arbeidsgjevar har det vore eit problem å disponere overflødige stillingar. Etersom 2 stillingar no er ute på grunn av naturleg avgang, er såleis dette problemet løyst. Tidlegare arbeidsgjevar slepp såleis å ha noko ansvar for tidlegare tilsette i fellesrenovasjonen.

sak 37/89 forts.

Når det gjeld svar på spørsmål 2 i utgreiing av 22.06.89 frå KS, oppfattar eg det slik at med administrasjonsutval er meint reinhaldsverkets administrasjonsutval. VØR har ikkje særskilt administrasjonsutval, slik at denne funksjonen må ligge til styret. Styret skulle dermed ha tilsetjingsmynde.

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Stilling som sjåfør i klasse 2 (C) blir å lyse ut.
2. Som tidlegare arbeidsgjevar blir Volda kommune beden om snarast å gje dei tilsette formell melding om overgang til ny arbeidsgjevar.
3. Det skal opprettast avtale med KLP.

1. Repr. skapet vedtek at bemanning skal
vere innvil 11 tilsette

2. R.H.V. overtek arbeidsgjevaransvaret frå 1.1.90
og bed V.K. orientere dei tilsette om dette

3. Det skal opprettast avtale med KLP



Deres ref.

Vår ref.
ROH/mb forh.
Ark. nr.
030 &65
Dato
22.06.89

Per Mulvik A/S
Boks 86

6101 VOLDA

SPØRSMÅL VEDK. INTERKOMMUNALT SELSKAP.

Vi viser til Dykkar brev av 29. april 1989.

Sentralforbundet går ut frå at selskapet er eit interkommunalt selskap og ikkje eit aksjeselskap. Dersom selskapet er eit aksjeselskap gjeld reglane for aksjeselskap fullt ut. Reglane i avtaleverket gjeld eventuelt berre dersom det internt i selskapet er fastsett at dei skal nyttast, og eventuelt berre så langt reglane ikkje er i strid med ufråvikeleg regelverk i aksjelovgivning.

Dersom selskapet er eit selskap som nevnt i kommunelova § 28 andre ledd og § 29, noko vedtektene tyder på, gjeld kommunelova, forvaltningslova, arbeidsmiljølova og kommunalt avtaleverk for verksemda.

I fylgje kommunelova §§ 29 og 58 nr. 7 skal vedtektene godkjennast av kongen.

Svaret på spørsmål nr. 1 vert difor at formell overtaking fyrst kan gjennomførast når vedtektene er godkjennde av kongen i Statsråd.

Spørsmål 2: Sentralforbundet tilrår at styret vert oppretta i samsvar med Hovedavtalen, regelverket om administrasjonsutvalg. Dei tilsette sine rettar fylgjer då av dette regelverket.

Spørsmål 3: Ja, men arbeidstida må fastsettjast som fastlagt i arbeidsmiljølova §§ 46 og 47 dersom arbeidet skal leggjast opp med ulik arbeidstid pr. dag og veke. Tariffavtalen gjeld for arbeidstida pr. veke (37,5/35,5 timar), sjå Hovedoverenskomsten § 4.

Spørsmål 4: Dersom det med personalsaker vert sikta til oppseiing o.l. bør regelverket som gjeld for andre kommunalt tilsette fylgjast, dvs. forvaltningslova og arbeidsmiljølova, samt reglane i Hovedavtalen. Det kan vere

tvil om forvaltningslova gjeld, sjå lova § 1. I personalsaker gjeld lova berre for vedtak nemnt i § 2 andre lekken. Klagereglane gjeld ikkje.

Spørsmål 5: Utgangspunktet er at tariffavtalen gjeld til den vert oppsagt. Eit alternativ kan vere at alle arbeidstakarar vert sagt opp i kommunen og tilbuddt tilsettjing i selskapet på nærmare fastsette vilkår.

Spørsmål 6: Medlemskap i pensjonsordninga er neppe noko problem. Spørsmålet må avklarast med pensjonskassen. Så lenge tariffavtalen gjeld har arbeidstakarane krav på å få eit tilsvarande tilbod.


Olepetter Roald


Rune Olav Horstad

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA, 29.04.89

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Norske Kommuners Sentralforbund
Lønns- og personalavdelinga
Postboks 1378 Vika
0114 Oslo 1

Spørsmål vedk. interkommunalt selskap.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk har tidlegare fått utgreidd spørsmål om arbeids-
gjevaransvaret. Eg takkar for greit svar i Dykkar brev av 24.2.89.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap skipa i samsvar med
kommunelova av kommunane Volda og Ørsta. Kopi av vedtektene ligg ved.

I samband med overtaking av driftsansvaret har det meldt seg ytterlegare
spørsmål som treng avklaring.

Representantskapet vedtok i møte 24.10.88 å overta 10 av 13 kommunalt tilsette
i renovasjonen, og kommunane vart bedt om å forhandle med arbeidstakar-
organisasjonane om kven som skulle overførast til reinhaldsverket. Reinhalds-
verket overtok ansvaret for renovasjonen 1.1.89. Permanent omlegging har blitt
forseinka i høve til tidlegare planer. Dette vil skje i 2. halvår 1989, og
dei 13 tidlegare kommunalt tilsette vil halde fram til omlegging er gjennom-
ført. Etter denne tid vil reinhaldsverket ha 10 tilsette.

Volda kommune som var arbeidsgjevar før 1.1.89 har pr. d.d. ikkje signalisert
kven av dei 13 tilsette som skal overførast til reinhaldsverket. Det er heller
ikkje gjort formell avtale om overtaking av dei tilsette, desse har halde
fram i sine tidlegare funksjonar for at renovasjonen skulle fungere.

Spørsmål nr. 1:

På kva måte og på kva tidspunkt bør formell overtaking skje?

Av vedtektene § 7 går det fram at dei tilsette skal vere representert i styret
i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avtaleverk mellom organisasjonane.

PER MULVIK

Spørsmål nr. 2:

Kva sei'er gjeldande avtaleverk om dette?

Spørsmål nr. 3:

Frå tidlegare arbeidsgjevarforhold eksisterer særskilte arbeidstidsavtaler. Står Volda/Ørsta Reinhaldsverk som ny arbeidsgjevar fritt til å fastsette arbeidstid tilpassa rutiner ved endra renovasjonsopplegg?

Spørsmål nr. 4:

Korleis er saksgangen ved eventuelle tvistar i personalsaker?

Spørsmål nr. 5:

Skal lønsforhold for personell som reinhaldsverket overtek vere som i tidlegare arbeidsgjevarforhold?

Spørsmål nr. 6:

Er det naturleg at pensjonsordninga held fram etter ordning i føregåande arbeidsgjevarforhold?


Vi håper det finns svar på spørsmåla.

På førehand takk.

Med helsing

for Volda/Ørsta Reinhaldsverk

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA


Sekr.

Sak 38/89 Byggerekneskap.

Byggerekneskapen er enno ikkje heilt avslutta, men kostnaden ser ut til å bli som det framgår av oppstillinga nedanfor. Kostnadsoverslag og finansieringsplan som låg til grunn for prosjektet lydte på kr. 4.625.000,- inkl. 10 % investeringsavgift og byggelånsrenter. Kostnadsoverslaget inneheldt ikkje kostnadene med velferdsbygget, overbygd vaskeplass og det opparbeidde mellomplanet. Alt dette inngår no i byggerekneskapen, som likevel ligg innanfor budsjettet. Ei rekkje andre ting som har vist seg nødvendig for å få eit komplett anlegg er også teke inn i byggerekneskapen.

Byggelånsrenter er ikkje medteke, men denne posten utgjer eit lite beløp, då fastlåna og 50 % av tilskotet vart utbetalt ved byggestart. I kostnadsoverslaget som låg til grunn for finansieringa var det rekna inn kr. 200.000,- i byggelånsrenter. Desse er ikkje finansierte, jfr. brev frå Kommunalbanken av 1.12.88, slik at prosjektet er underfinansiert med kr. 200.000,-.

PER MULVIK

Byggerekneskapen pr. 4.11.89 er slik:

Komprimator/containerar	kr.	717.504,-
Port,ekstra kjørepanel,kamera,talje m/bærekonstr, div.	"	101.025,-
Betong- og stålkonstruksjonar	"	795.669,-
Heving av bygg,snøfangarar,beslag,spikerslag i stål m.m.	"	52.436,-
Innreingsarbeid	"	349.448,-
Betongkonstr. for vekt,div. justeringar bet.konstr.	"	31.376,-
Just. av innreiing,tetting av vegger vektrom, div.	"	61.368,-
Auka malararbeid	"	11.205,-
Brannskap, utv. spylekraner, div. rørleggjar	"	25.763,-
Elektroinstallasjon	"	47.150,-
Ventilasjonsanlegg	"	39.676,-
Tomtekjøp	"	200.500,-
Opparbeiding av tomt/tilkomstveg	"	867.989,-
Vekt, inkl. montering og justering	"	219.327,-
Gjerde/port	"	116.539,-
Kantstein og føringskant	"	52.410,-
Container og snøskuffe	"	38.375,-
Bikostnader,tilkn.avgifter,garantikostn.,prisstign.,inventar	"	121.899,-
Utgreiingsarbeid utført før 8.7.88	"	148.500,- v Mulvik
Bikostnader i forb. med utgreiingsarbeid	"	5.408,-
Prosjektering/prosjektleiing inkl. tilkomstveg	"	178.350,- ✓
Bikostnader i forb. med prosjektering	"	4.655,-
Byggeleiing inkl. tilk.veg, sekr.arbeid,saksførebuing 4.11.89	"	199.350,- ✓
Bikostnader i forb. med byggeleiing/sekr.arb.	"	6.267,-
	kr.	4.392.189
Refusjon tilkomstveg Ørsta kommune	"	215.418,-
	kr.	4.176.771,-
10 % investeringsavgift av 3.990.000,-	"	399.000,-
Sum anleggskostnad	kr.	<u>4.575.771,-</u>

TEKST	DENNE PERIODE	I AR		AKSBUDSJETT		HITTIL	
		%	HITTIL	%	HITTIL	%	HITTIL
			31.10				
DRIFTSKOSTNADER			DRIFTSREGNSKAP		0.0	BUDSJETT HELT ÅRET	
FASTE LØNER	0.00		1,210,403.28	118,750.00	100.0	1,425,000.00	-15.0
EKSTRAHJELP	0.00		624,818.48	7,500.00	100.0	90,000.00	594.2
OVERTID	0.00		107,959.15	2,500.00	100.0	30,000.00	259.8
ARBEIDSGIVERAVGIFT	0.00		270,070.26	17,037.00	100.0	230,000.00	13.4
PENSJON	0.00		67,400.18	6,424.00	100.0	77,000.00	-12.4
BEDRIFTSHELSETENESTE	0.00		14,300.00	0.00	0.0	0.00	0.0
SOSIALE KOSTNADER	0.00		0.00	0.00	0.0	0.00	0.0
SUM PERSONALKOSTN.	0.00		2,274,951.35	155,011.00	100.0	1,860,000.00	23.3
VEDLIKEHALD ALIDA	0.00		13,500.33	0.00	0.0	0.00	0.0
KONTORUTG. / GEBYRER	0.00		21,635.68	2,087.00	100.0	25,000.00	-13.4
LYS/BRENSEL REINH MM	0.00		22,790.95	1,000.00	100.0	12,000.00	89.9
HUSLEIGE FURENE BYGG	0.00		49,000.00	0.00	0.0	50,000.00	-2.0
AVG. / TRYGD BYGG	0.00		2,747.00	3,337.00	100.0	40,000.00	-93.1
GRUNNLEIE Fyllplass	0.00		950.00	57.00	100.0	650.00	46.1
REISE/KOST/REPRESENT	0.00		27,548.10	3,337.00	100.0	40,000.00	-31.0
FERGEGIFTER	0.00		34,546.00	1,674.00	100.0	20,000.00	72.7
AVGIFTER/TRYGDER BIL	0.00		63,222.00	5,000.00	100.0	60,000.00	5.3
DRIVSTOFF/REKV BILAR	0.00		70,818.61	7,087.00	100.0	85,000.00	-16.6
VEDLIKEH. BILAR/MASK	0.00		152,343.65	4,174.00	100.0	50,000.00	204.8
VERNE- OG ARB. KLÆR	0.00		20,381.72	1,500.00	100.0	18,000.00	13.2
LJAVE/RADIO HELGENO.	0.00		6,300.00	0.00	0.0	0.00	0.0
G. ULYKKESTR PERSON	0.00		2,049.00	0.00	0.0	0.00	0.0
ANDRE DRIFTSUTGIFTER	0.00		3,667.69	3,424.00	100.0	41,000.00	-91.0
KURSGIFTER	0.00		8,521.00	0.00	0.0	0.00	0.0
UTGIFTER BATTERILINNS	0.00		34,653.40	0.00	0.0	0.00	0.0
REKNSKAP/REVISJON	0.00		0.00	1,774.00	100.0	20,000.00	100.0
INNLEIE MASK./ARB.HJ	0.00		144,583.16	9,774.00	100.0	110,000.00	31.6
KJØP AV SEKKE	0.00		665,300.81	40,837.00	100.0	490,000.00	35.7
TRANSP TIL GRAUTNES	0.00		22,572.00	21,672.00	100.0	343,965.00	-93.4
FORBR.KOST GRAUTNES	0.00		1,041,721.59	160,504.00	100.0	1,925,960.00	-45.9

TEKST	DENNE PERIODE	I AR		BUDSJETT		HITTIL	
		%	HITTIL	%	HITTIL	%	HITTIL
S. ANDRE DRIFTSUTG.	0.00		2,396,172.44	73,537.00	100.0	3,331,575.00	-28.0
SKADESERSTATNINGER	0.00		1,320.00	0.00	0.0	0.00	0.0
RENTER/PROV FASSEER.	0.00		3,003.86	25,000.00	100.0	100,000.00	-97.0
RENTER PA LAN ANLEGG	0.00		95,413.00	33,337.00	100.0	400,000.00	-76.1
RENTER PA LAN BILKJ.	0.00		3,750.00	13,337.00	100.0	160,000.00	-97.6
YMSE RENTER/MORARENT	0.00		128.20	0.00	0.0	0.00	0.0
SUM RENTEUTGIFTER	0.00		102,295.86	71,674.00	100.0	660,000.00	-84.5
FASTE AVDRAG LAN	0.00		46,875.00	22,174.00	100.0	266,000.00	-82.3
SUM UTGIFTER	0.00		4,855,122.99	522,396.00	100.0	6,117,575.00	-20.6
INNTEKTER					0.0		0.0
REFUSJON FRA ØRSTA	0.00		-2,500,000.00	0.00	0.0	0.00	0.0
REFUSJON FRA VOLDA	0.00		-2,871,750.04	0.00	0.0	0.00	0.0
RENTEINNTEKTER	0.00		-25,794.30	0.00	0.0	0.00	0.0
SUM DRIFTSINNTEKTER	0.00		-5,397,744.34	0.00	0.0	0.00	0.0
SUM INNTEKTER	0.00		-5,397,744.34	0.00	0.0	0.00	0.0
RESULTAT DRIFT	0.00		-542,621.35	522,396.00	100.0	6,117,575.00	-108.8

Sak 40/89 Kjøp av ny renovasjonsbil.

Sakshandsamar: Knut Brune.

Renovasjonsområda er no utbygd etter planen, med unntak av Velsvik som manglar eit politisk vedtak, men er med i køyreplanen.

Innsamlinga vert i hovudsak utført med 3 komprimerande bilar, 3 sjåførar og 6 innsamlarar.

Ialt har utvidinga for 1989 ført til ein auke i abonnentalet på ca. 600. Når desse dessutan for det meste ligg i utkantane av renovasjonsområda, må ein slå fast at det berre er stor vilje til innsats og godt samarbeid av dei som står føre innsamlingsarbeidet, som kan gje eit so godt resultat.

Når dette er sagt, vil eg peike på den risikoen dette fører til for oss. Vi står heilt utan reserveutstyr på bilsida. Dersom ein bil må på verkstad eller vert sett ut av drift av annan årsak, må vedkomande rute stå over ei veke, med den meirbelastning dette fører med seg, både for abonnentar og for oss.

Perscnleg ser eg det som uforsvarleg å sette på drifta for 1990 utan snarast mogeleg å kjøpe inn ein ny renovasjonsbil. Dette er naudsynt for å sikre reservekapasitet ved ordinær drift og for å få igang organisert papirinnsamling, jfr. sak 41/89.

I budsjettforslaget for 1990 er det teke med ein sum under post 3800289, avskrivning for bilar til å dekke renteutgifter ved eit eventuelt kjøp av ny bil i 1990. Investeringsbehov ca. kr. 800.000,-.

Tilråding til vedtak:

Administrasjonen får i oppdrag å innhente tilbod på ny renovasjonsbil.

Sak 41/89 Papirinnsamling.

Sakshandsamar: Knut Brune.

Det er fleire modellar som er til vurdering vedrørende innsamling av papir, papp og plast for resirkulering, men det synes som om det no berre er 2 modellar å ta stilling til:

- 1) Utplassering av containers i sentrumsområda og i dei største bygdene.
- 2) Organisert papirinnsamling, sortert i heimane og henta av reinhaldsverket for ompakking til container på omlastingsstasjonen og vidareending til lokale mottak på Sunnmøre.

Etter mi vurdering synes modell 2) å ha flest fordelar totalt sett, ved at:

- 1) Ein vil ha styringa med innsamlinga.
- 2) Ein vil få ei betre utnytting av drifta ved stasjonen.
- 3) Ein vil stå fritt med omsyn til levering til alternative mottak.
- 4) Papiret får betre sortering og betre pris.

Denne modellen kan settast i drift utan å måtte gå til større investeringar. Ein må rekne med at ein lukka bilcontainer på 24 m³ må kunne stå disponibel for opplasting over noko tid. På stasjonen vil det verte oppretta ordning for mottak for dei som måtte ynskje å levere papir, papp og plast sjølv. Ansvar for innsamlinga bør ligge til sjåførane i reinhaldsverket som frå før er lokalkjende på innsamlingsrutene.

Papirinnsamlinga kan settast iverk so snart ein har fått 4 komprimerande bilar til rådvelde.

Tilråding til vedtak:

Papirinnsamling etter alternativ 2 vert iverksatt ^{som prøveordning} når tilfredsstillande pris-avtale med mottakarar er oppnådd. (og naudsynt materiell er på plass)

Sak 42/89 Søknader om fritak for renovasjon.

Sakshandsamar: Knut Brune.

Søknad nr. 10. Karstein Halse, Håvoll.

Søknaden vart utsett i styremøte 26.06.89.

Etter å ha sett nærmare på desse tilhøva finn eg det rimeleg at stativet bør plasserast ved huset. Som det går fram av søknaden, får dei tilsyn frå borna, som stund imellom tar med seg eit bosnett til sitt eige stativ. Med ein tung og bratt tilkomst med gangavstand på 60 meter om renovasjon skulle innførast, ville det vere rimeleg at sekken vart henta frå stativet.

Tilråding til vedtak:

Søknad om fritak kan imøtekomast.

Søknad nr. 11. John H.J. Krøvel.

Søknaden vart utsett i styremøte 26.06.89.

Det er i ettertid kome til opplysningar om at dei reknar med å måtte flytte frå heimen til institusjon grunna sjukdom og høg alder.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan imøtekomast so lenge eigedomen er fråflytta.

Søknad nr. 12. Ragnhild Årskog, S.Vartdal.

Søknaden vart utsett i styremøte 26.06.89.

Det er på det reine at ei einsleg dame som i tillegg ofte er borte frå heimen, ikkje har særlege bosproblem.

Eg er likevel i tvil om ein kan gå vekk frå prinsippet om tvungen renovasjon for eigedomen som ligg i området for renovasjonsordninga.

Eg legg søknaden fram utan forslag til vedtak.

Søknad nr. 13. Oddfrid Øye og Jarle Håskjold, Volda.

Eigedomen ligg i området for tvungen renovasjon. Reinholdverket har ikkje heimel for, og kan heller ikkje tilrå halv renovasjonsavgift.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Sak 42/89 Søknader om fritak for renovasjon.

Sakshandsamar: Knut Brune.

Søknad nr. 14. Astrid Rise, Sæbø.

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan imøtekomast.

Søknad nr. 15. Oddvar Rekkedal, Sæbø.

Eigedomen ligg i området for tvungen renovasjon.

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Søknad nr. 16. Arnstein Aklestad.

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Søknad nr. 17. Else Bjørdal, Ørsta.

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan imøtekomast.

Søknad nr. 18. Bernt G. Øye, Vartdal.

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Søknad nr. 19. Solveig Sæbønes, Sæbø.

Søknad om sosial støtte til renovasjonsavgift må eventuelt sendast til Ørsta Kommune.

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Sak 42/89 Søknader om fritak for renovasjon.

Sakshandsamar: Knut Brune.

Søknad nr. 20. Johan H.J. Rørstad, Bjørke.

Det kan godkjennast at 3 personar kan nytte same stativ i dette tilfellet, men at Johan H.J. Rørstad må stå som ansvarshavande for avgifta.

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan imøtekomast.

Søknad nr. 21. Helge Hånes, Grimv. 5, Ørsta

Tilråding til vedtak:
Søknaden kan imøtekomast.

Søknad nr. 22. Einar E. Moe, Ørsta.

Ryggning med bil i stikkvegar vert generelt ikkje akseptert, men i enkelte tilfelle har ein likevel gjort unnatak frå denne regelen.

Tilråding til vedtak:
So lenge vegen er i god køyrbar stand og tilfredsstillande brøytt vinterstid, kan søknaden imøtekomast. I motsatt fall må stativet flyttast eller sekken berast fram til køyreveg hentedagen.

Sak 44/89 Slam.

Det har i lang tid vore arbeidd med å løyse slamproblematikken i Volda og Ørsta.

Ei gruppe har vurdert slamproblemet, kfr. vedlagde utgreiing, og konklusjon/tilråding går fram av utgreiinga.

Utgreiinga vart presentert på møte med ordførarane, tekniske sjefar, repr. frå HTS, tekniske etatar og reinhaldsverket.

Møtet konkluderte med at saka blir å føre vidare som skissert i pkt. 7 i utgreiinga.

Tilråding til vedtak:

1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vel mobil avvatning som slambehandlingsløyning ut frå tekniske, miljømessige og økonomiske omsyn. Dette føreset at punkta nedanfor blir løyst på ein tilfredsstillande måte.
2. Reinhaldsverket vil tilrå at den gamle fyllplassen i Alida blir brukt til mellomlagring og deponiplass for avvatna slam. Fylkesmannen og Volda kommune må godkjenne løysinga.
3. Kommunane må ^{gjere vedtak om} innføre tvungen tøming etter medhald i Forurensningsloven. Dette må vedtakast av kommunestyra.
4. Føresegner m/avgiftssatsar må utarbeidast.
5. Bindande tilbod må innhentast.

Sak 45/89 Reinhold av stasjonen.

Sakshandsamar: Knut Brune.

Det har tidlegare vore omsnakka å få ei fast vaskerutine ved stasjonen.

Dette gjeld kontor, matrom og garderobe, ialt ca. 100 m².

For å få eit fagleg og forsvarleg vedlikehald på dei nye lokalitetane ein no har teke i bruk, vil eg be om at ein får ei fast vaskeordning for framtida, og at denne gjerast gjeldande snarast.

Ein har fått inn tilbod frå ISS-servisystem, som av fagfolk vert vurdert som rimeleg. Dette gjelder frå 1990 og i 2 år og vasking 2 gongar i veka.

Tilråding til vedtak:

Tilbodet frå ISS-servisystem vert godkjent for vasking 2 gongar i veka og med ei avtaletid på 2 år.

Løyving vert å føre frå post 380081, ekstrahjelp, som deretter vil vere på kr. 225.000,- til ny post 3800212, vask og reinhold, kr. 25.000,-.

.....
Volda/Ørsta Reinholdswerk
Postboks 243
6101 VOLDA
.....

Deres ref.

Vår ref.
EH/SE

Dato
04.10.89

TILBOD REINHALD AV DYKKAR LOKALER

Vi viser til samtale, og oversender hermed tilbud frå oss på reinhald av Dykkar lokaler i Hovdebygda.

Vårt tilbud er berekna på grunnlag av oppmåling frå tegning, synfaring samt gjevne opplysninger.

Prisen er vidare basert på dei satser for løn og sosiale utgifter som er gjeldande pr. 01.10.89.

Vår pris for reinhald utført i samsvar med vedlagde reinhaldsplan og arbeidsomfang vil vere:


Pris pr. mnd., reinhald 2 gonger pr. veke: kr. 1980,-
Pris pr. mnd., reinhald 3 gonger pr. veke: kr. 2730,-

Prisene er eks. mva. og basert på fakturering over 12 månader.

Innkcludert i prisen er: Alle utgifter i samband med arbeidet, så som løn, feriepengar, vikarløn, sjukeløn, reiskap, maskiner, materiell, ansvarsforsikring, arbeidsleiing/inspeksjon, oppløring og administrasjonsomkostninger. Oppskuring og boning av alle golv etter behov er og innkludert i prisen.

Vi håper tilbudet er av interesse, og vi ventar å høyre frå Dykk.

Venleg helsing
ISS Servi-system a.s.



Eldar Høydalsvik
avdelingsleiar


Sølvi Evensen
planlegger

OLDA ØRSTA REININGSSVERK

M=1:50

2. ETG.



↑
SNITT PÅ TEIKNING NR.

BETONGDEKKE OVER TRAPPEROM
UK 95,175 PL.H. 120 mm

5000

GROVGARDEROBE / TØRKEROM / REDSKAP

101
BK

DUSJ H.

103

104

DUSJ H.

102

VASKEROM H. 5,2/0,6

105

GARDEROBE H. 10,8/1,2

GANG 7,5 106

90,000

107
WC D.
1,8

108
WC H.
1,8

Voldatørsta
REI/HHLOS VERK
1. ETG -

M=1:58

ARBEIDSOMFANG

GOLVREINHALD : GOLV BLIR REINGJORT ETTER SIN ART,
DER TEPPEGOLV BLIR STØVSUGA OG
HARDE GOLV MOPPA.

INVENTARREINHALD: ASKEBEGER BLIR TØMDE OG AVTØRKA.
PAPIRKORGER BLIR TØMDE OG AVTØRKA.
SKRIVEBORD OG DET SOM HØYRER TIL
BLIR AVTØRKA.
STOLER BLIR AVTØRKA/BØRSTA.
TELEFONER BLIR AVTØRKA.
ANDRE BORD OG FRIE FLATER BLIR
AVTØRKA.
VINDUSKARMER BLIR AVTØRKA.
BILETE OG ANNA VANLEG INVENTAR
BLIR AVTØRKA.
FJERNING AV SKJEMMANDE FLEKKER
(NA-HØGD).
DØRER I INNGANGSPARTI BLIR
AVTØRKA/PUSSA ETTER BEHOV.
HANDVASKER OG DET SOM HØYRER TIL
BLIR REINGJORT.
ANNA SANITÆRUTSTYR BLIR REINGJORT.

NB! VED KONTORREINHALD BER VI OM AT ALLE SKRIVEBORD BLIR RYDDA
DEI DAGANE REINHALDET SKAL UTFØRAST.

- REINHALD 1 GONG PR. VEKE
- REINHALD 3 GONGER PR. VEKE

Sak 46/89 Rekneskapsføring.

I sak 37/89 vart det vedteke at rekneskapen for 1989 skal førast hjå Voldaregnskap A/S. Akutte problem var årsaka til at dette vart gjort.

Rekneskapen er no ajour etter eit omfattande arbeid. Dette gjeld både driftsrekneskap og byggerekneskap.

Avtalen med Voldaregnskap A/S gjeld ut 1989, og ettersom årsskifte nermar seg, må det takast stode til rekneskapsføringa for 1990.

Tre alternativ kan vere aktuelle:

- a). Ei av eigarkommunane fører rekneskapen. 1
- b). Rekneskapen blir lyst ut på tilbod. 1
- c). Avtalen med Voldaregnskap A/S blir forlenga med eitt år. 3

Avtalen om privat rekneskapsføring har så langt fungert svært bra, og det er lagt ned eit stort arbeid i å kome ajour. Å lyse rekneskapsføringa ut på tilbod kan vere ein farbar veg, men heilt avgjerande for dette er at det finns eit klart og eintydig tilbodsgrunnlag. Dette er viktig for at konkuransetilhøva skal bli like for alle, og det er viktig av omsyn til reinhaldsverkets vurdering av tilbod. Eg vurderer det som vanskeleg i dag, etter berre omlag 1 månads føring i privat regi, å skaffe tilstrekkelege opplysningar for å kunne lyse ut arbeidet på tilbod. Mange omleggingar av rutinene står enno for tur. Direkte fakturering av avfall levert på stasjonen er under vurdering. I tillegg kjem ordninga med spesialavfall, glas og papir som også skal inn i ei fakturarutine.

Dersom erfaringane frå eit heilt og samanhengande rekneskapsår kunne leggest til grunn for ein tilbodskonkurranse, ville eit tilbodsdokument som var tilstrekkeleg uttømande vere ein styrke. Då ville også dei føreståande justeringar av fakturarutinane vere med.

Saka vert lagt fram til drøfting utan tilråding til vedtak.

Sak 47/89 Vedtektsendring.

Vedtektenes § 3, 3. ledd, lyder slik:

"Ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket. Volda kommune fører nødvendig rekneskap. For dette arbeidet skal kommunen ha ei godtgjering. Revisjon av rekneskapen skal utførast av distriktsrevisor."

Det kan vere praktisk at reinhaldsverket får ei friare stilling til å velge enten privat eller kommunal rekneskapsføring. Å ta avgjerd i slike saker bør ligge til styret, men det medfører at vedtektene må endrast.

Etter § 14 skal vedtektsendringar godkjennast av dei kommunane som er med. Vedtaka må godkjennast etter kommunelova § 59.

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Vedtektenes § 3, 3. ledd, blir endra og får slik ordlyd:

"Ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket. Styret avgjer om rekneskapen skal førast i privat eller offentleg regi. Revisjon av rekneskapen skal utførast av distriktsrevisor."

Sak 48/89 Sal og utlevering av sekkestativ.

Sakshandsamar: Knut Brune.

Det vises til brev av 20.10.89 frå teknisk sjef i Volda.

Etter §6 i føreskrifter om renovasjon skal renovasjonen køyre ut nummererte oppsamlingseininger til alle abonnentane og føre register over desse.

I §11 i vedtektene for Volda/Ørsta reinhaldsverk er det tillagt dei tekniske etatar i dei samarbeidande kommunar ansvar for at register over abonnentar til ei kvar tid er fullstendig.

Praksis har til no vore at reinhaldsverket får melding frå teknisk etat når det vert endringar i registeret. Dette er ei naturleg og god form for samarbeid som ein ikkje kan sjå nokon grunn til å gå bort ifrå.

Noverande praksis med at kommunane kjøper inn, lagrar, sel og køyrer ut stativ til abonnentane fell bort ved årsskiftet 89/90.

At dette skal gjerast i reinhaldsverket sin regi, som føreslege av teknisk sjef i Volda, synest lite praktisk, då ein ikkje har til rådvelde naudsynt lagerplass til føremålet; Dette må i so fall leigast spesielt, og eg er i tvil om at dette i det heile er naudsynt.

Etter at renovasjonsområda i kommunane no er ferdig utbygd, vil det berre vere den naturlege auke av abonnentar, om lag 50 - 70 i året, og noko utskifting av stativ ved skade o.l. som skal leverast.

Dette burde ein kunne leggje til ei eller fleire forretningar i kvar kommune for sal direkte til abonnent. Dette vil fri oss frå ein unødig oppgåve, samtidig som abonnentane ikkje får nokon ekstra ulempe.

Etter opplysning frå etatane, er det knapt nok stativ att til å dekke behovet for resten av året. Det hastar difor med å få teke stilling til korleis ein vil løyse dette i framtida.

Saka leggst fram for drøfting.



VOLDA KOMMUNE
TEKNISK ETAT
6101 VOLDA
Tlf. (070) 76 582
Telefax - (070) 76 582 - linje 106

Jnr.
Ark. 570

Volda, 20. oktober 1989

Dykkar ref.

Vår ref.
SH/ala
wp: 570a2010.br1

Volda og Ørsta Reinholdsværk
v/ Lars Petter Øye
Follestaddal
6150 ØRSTA

UTKØYRING AV STATIV


Til no har kommunane kjøpt inn, lagra og køyrd ut stativ til abonnentane.

Reinholdsværket har teke over alle tenester og plikter som gjeld renovasjon. Kommunane skal berre ha med innkrevjing av avgifter å gjere.

Frå 1/1-90 må Reinholdsværket og overta lager av stativ og utkøyring til abonnentane.

Eg legg til grunn at det pr. 1/1-90 skjer ei opptelling og eit oppgjer for dei stativ som kommunane har på lager.

Helsing


Sigbjørn Hessen
teknisk sjef

Kopi: Ørsta kommune, tekn. etat
Rådmann
Revisor
Kasse

Sak 39/89 Driftsrekneskap.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Styret tek driftsrekneskapen til vitande.

Sak 40/89 Kjøp av ny renovasjonsbil.

Tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 41/89 Papirinnsamling.

Lars Petter Øye kom med slikt framlegg til vedtak:

Papirinnsamling etter alternativ 2 vert iverksett som prøveordning når tilfredsstillande prisavtale med mottakar er oppnådd.

Framlegget frå Lars Petter Øye vart samrøystes vedteke.

Sak 42/89 Søknader om fritak for renovasjon.

For søknad nr. 12 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Då abonnenten er mykje borte, blir søknaden imøtekomen for 1989 og 1990.

Forøvrig vart tilrådingane samrøystes vedteke.

Sak 43/89 Glasinnsamling.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk kjøper inn 10 stk. iglokontainerar for glasinnsamling til ein kostnad på kr. 9.610,- pr. stk. inkl. transport og mva.

Dersom ein oppnår tilfredsstillande kontrakt vert innsamling og transport tildelt Vest Miljø A/S, Hareid, for 2 år frå kontraktsdato.

Sak 43/89 Glassinnsamling

Sakshandsamar Knut Brune

Kostnaden med innsamling og transport til Moss Glassverk for returglass har vore problemstillinga for å finne fram til ein modell som kunne forsvarast både praktisk og økonomisk.

Etter å hatt kontakt med intreserte transporttørar og også andre kommuner om desse spørsmåla, er det klart att konteinarløysing for sjølvfylling er det mest realistiske alternativet

Etter desse vurderingane vil eg foreslå fyljande.

Det vert utplasert konteinarar på Vartdal, Ørsta, Hovden, Volda Sæbø, Fyrde, Folkestad, og Lauvstad.

Det er innhenta tilbod på innsamling og transport til lokalt mottak frå 2 transportfirma, Brødrene Haugen A/S Langevåg og Vest Miljø A/S Hareid.

Vest Miljø har det klart billigaste tilbodet som også er bunde opp i ein årleg fast pris. Grunnlaget for utrekningane er kr. 318 pr. tonn, men årlig kostnad på kr. 35000 står fast om levert mengde skulle gå over det som er rekna med i tilbodet

I budsjettet for 1990 er det ikkje teke med nokon spesifisert kostnad for glassinnsamling, men eg reknar med å finne dekkning over post 3800298 Forbr.kostnad.

Forslag til vedtak.

Volda/Ørsta reinhaldsverk kjøper inn 10 stk. iglo kont. for glassinnsamling. $a: (7500 + 550) \cdot 1,2 = 9660$

Dersom ein oppnår tilfredstillande kontrakt vert innsamling og transport tildelt Vest Miljø A/S Hareid for 2 år frå kontraktdato

Vedlegg:

Tilbod frå Vest Miljø

Br. Haugen - bokk / tonn

8050

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK
Att. Knut Brune
6160 HOVDEBYGDA

Hareid den 13. november 1989

TILBUD PÅ MOTAK AV AVFALL:

GLAS:

Innhenting og mottak av glas fra iglo plasert på Vartdal, Ørsta, Hovden, Volda, Sæbø, Fyrde, Folkestad og Lauvstad. Igloane blir tømt ein gang pr. måned. Pris på innsamling og mottak av glas pr. år kr. 35.000,00

PAPIR:

Mottak av blanda papir levert Hareid. For dette betalar Vest-Miljø a/s pr. tonn kr. 100,00
Mottak av bølgepapp levert Hareid. For dette betalar Vest-Miljø a/s pr. tonn kr. 200,00

KVITVARER:

Vest-Miljø a/s hentar kvitvarer kostnadsfritt når det er lagra eit billass på Reinhaldsverket.


SPECIALAVFALL:

Vest-Miljø a/s er godkjent av Statens Forurensningstilsyn til å hente spesialavfall fra lokalmottak for spesialavfall.

Alle prisar er eks. mva.

Vi håper tilbudet er av interesse og vi høyrer gjerne fra Dykk.

Med helsing
Vest-Miljø a/s


Vebjørn Eilertsen

Sak 44/89 Slam.Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vel mobil avvatning som slambehandlingsløysing ut frå tekniske, miljømessige og økonomiske omsyn. Dette føreset at punkta nedanfor blir løyst på ein tilfredsstillande måte.
2. Reinhaldsverket vil tilrå at den gamle fyllplassen i Alida blir brukt til mellomlagring og deponiplass for avvatna slam. Rette styreorgan må godkjenne løysinga.
3. Kommunestyra må gjere vedtak om tvungen tøming etter medhald i Forurensningsloven.
4. Føresegner m/avgiftssatsar må utarbeidast.
5. Bindande tilbod må innhentast.

Sak 45/89 Reinhald av stasjonen.Tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.Sak 46/89 Rekneskapsføring.

Lars Petter Øye kom med slikt framlegg til vedtak:

Under føresetnad av at tilfredsstillande avtale blir oppnådd, blir avtalen med Voldaregnskap A/S forlenga med eitt år.

Helge Remøy kom med slikt framlegg til vedtak:

Ei av eigarkommunane fører rekneskapen.

Per R. Mork kom med slikt framlegg til vedtak:

Rekneskapen blir lyst ut på tilbod.

Det vart røysta over framlegga:

Framlegget frå Per R. Mork fekk 1 røyst.

Framlegget frå Helge Remøy fekk 1 røyst.

Framlegget frå Lars Petter Øye vart vedteke med 3 røyster.

Sak 47/89 Vedtektsendring.

Helge Remøy kom med slikt framlegg til vedtak:

Ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket. Ørsta kommune fører rekneskapen. Revisjon av rekneskapen skal utførast av kommunerevisor.

Forslaget frå Remøy fekk 1 røyst.

Tilrådinga vart deretter vedteke med 4 røyster.


Sak 48/89 Sal og utlevering av sekkestativ.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Volda 16.11.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA



Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Til medlemene i styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Jan Driveklepp

Rasmus R. Aarflot
Knut Bere

Helga Tvinnereim
Per R. Mork

M Ø T E B O K

frå styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk 26.9.89.

Møtestad: Kantina på komprimatorstasjonen i Hovdebygda.

Frå styret møtte: Lars Petter Øye
Rasmus R. Aarflot
Helge Remøy
Helga Tvinnereim (vara for Knut Bere)
Per R. Mork

Frå administrasjonen: Knut Brune
Frå Per Mulvik A/S: Per Schjelderup

Jan Driveklepp var innkalla men møtte ikkje.

S A K L I S T E

SAK 35/89 Budsjett 1990
" 36/89 Avg. satsar 1990

SAK 35/89 BUDSJETTFORSLAG 1990 VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sakshandsamar: Knut Brune
Kommentar til nokre av postane i budsjettforslaget.

Post 3.800.010 Faste løner. Frå kommunen har eg fått opplyst at det er lagt opp til ein lønsauke på 4% for 1990. Det er vidare rekna med lønskost for 11 stillingar.

Post 3.800.260 REPARASJON OG VELDIKEHALD AV BILAR

Sjølv om ein i 1989 fekk innkjøpt ein ny komprimatorbil, er det likevel 2 eldre komprimatorbilar i dagleg drift. Den eldste av desse har nådd ein alder av 12 år, så vedlikehaldskostnaden viser at denne posten måtte aukast.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

BUDSJETT 1990

3800.010	Faste løner	+ 4%	kr. 1.647.000,-
081	Ekstrahjelp	"	" 215.000,-
082	Overtid	"	" 30.000,-
090	Arb.gj. avg.	"	" 249.792,-
091	Pensjon	"	" 132.465,-
200	Kontorutg.	"	" 10.000,-
210	Lys/brensel	"	" 30.000,-
225	Trygd - bygg	"	" 8.000,-
226	Grunnleige	"	" 650,-
230	Reise- og kost- godtgjersle	"	" 20.000,-
231	Ferjeutgifter	"	" 10.000,-
240	Avg. trygd bilar	"	" 75.000,-
250	Drivstoff "	"	" 85.000,-
260	Rep. vedl. hald bilar	"	" 100.000,-
270	Klegodtgjersle	"	" 15.000,-
289	Avskr. bilar	"	" 270.000,-
290	Andre utg.	"	" 25.000,-
294	Reknesk. - revisjon	"	" 30.000,-
295	Leige mask. bilar	"	" 110.000,-
296	Sekkekjøp	"	" 360.000,-
297	Transp. "Grautneset"	"	" 407.493,-
298	Forbrenn. "	+ 3%	2. 472.000,-
380	Renter k. kred.	"	" 30.000,-
397	" bygg	"	" 440.000,-
580	Avdrag "	"	" 0,-
	Driftsutgifter		<u>kr. 6.772.400,-</u>

DRIFTSINNTEKTER 1990

Renovasj.avg. stk.	5.200,-	a	kr. 1.037	kr. 5.392.400,-
Forretningsboss, kolli	" 32.000,-	"	" 20	" 640.000,-
Forretningsboss, eigentransp. m ³	" 5.000,-	"	" 114	" 570.000,-
Privat levering				" 50.000,-
Salg av sekker				" 30.000,-
Grovavfall m ³	" 1.500,-	"	" 60	" 90.000,-
				<u>kr. 6.772.400,-</u>

Post 3.800.290. ANDRE UTGIFTER

Reinhaldsverket har for 1989 hatt kostnaden med innsamlinga for småbatteri og mottak for bilbatteri. Dette reknar ein også med for 1990.

Post 3.800.298 Frå Tafjord Kraftselskap A/S får ein opplyst at frå 1.1.1990 vert forbrenningskostnaden auka til kr. 660,-, ein auke på 3,2%. Dette er teke omsyn til i budsjettposten.

Styret gjorde slike samrøystes tilråding til vedtak:

Budsjettforslaget for 1990 vert samrøystes vedteke.

SAK 36/89 RENOVASJONSAVGIFTER 1990

A	Stativavgift	kr. 1.037,- + m.v.a.
B	Kolli tilsv. avg. henta	" 20,- "
C	Levet brennbart avfall m ³	" 114,- "
D	Levert enkel kolli ved stasjonen	" 12,50 "
E	Levert brennbart avfall pr. t.	" 1.050,- "
F	Levert rivingsavfall, m ³ grovavfall, m ³	" 60,- "
	Levert rivingsavfall, grovavfall pr. tonn	" 400,- "

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Tilrådinga for avgiftssatsar for 1990 vert vedteken i samsvar med tilrådinga.

Volda, 03.10. 1989


Knut Brune
driftsleiar

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Helga Tvinnereim

Jan Driveklepp

Knut Brune

Per R. Mork

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt saker handsama på styremøte 26.9.89.

Sak 35/89 og 36/89 blir utsendt av driftsleiar.

Volda 28.9.89

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 30/89 Investeringar for spesialavfall.

Etter søknad frå reinhaldsverket har Statens forurensingstilsyn gjeve løyve til etablering og drift av lokalt mottak for spesialavfall i samband med interkommunalt avfallsmottak.

Det er oppretta eit eige selskap "Norsk Spesialavfallsselskap - A/S NORSAS", som m.a. skal ha ansvar for å føre oversyn over straumane av spesialavfall i Noreg. Løyvet VØR har fått føreset at det vert skipa ein samarbeidsavtale med A/S NORSAS. Søknad om samarbeidsavtale er sendt herfrå.

Spesialavfallsmottaket er tenkt etablert på anlegget i Hovdebygda, der ein til ei viss grad kan dra nytte av bygningar og utstyr som allereide er på området. Ytterlegare investeringar som må til er 2 spesialavfallscontainerar, opparbeiding av areal for desse, ein støttemur, sikkerhetsutstyr og opplæring, kostnadsrekna til kr. 150.000,-.

Miljøverndepartementet opplyser at til dette tiltaket blir det gjeve 2/3 tilskot og 1/3 lån i kommunalbanken. I tillegg blir det gjeve garanti for driftsunderskot i 1. driftsår.

For at ordninga skal vere sjølvfinansierande må såleis avgifta på levert spesialavfall dekke kapitalkostnaden på 1/3 av investeringa i tillegg til driftskostnaden. Mengde spesialavfall er i dag ukjent. Avgifta må såleis setjast ut frå ei skjønsmessig vurdering.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner kostnadsoverslaget og finansieringsplanen. Arbeidet blir å setje i verk straks samarbeidsavtalen med A/S NORSAS er i orden.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

1. Styret godkjenner kostnadsoverslaget og finansieringsplanen. Arbeidet blir å setje i verk straks.
2. Samarbeidsavtalen med A/S NORSAS blir godkjent.
3. Finansieringa blir å ordne i samsvar med finansieringsplanen.
4. Administrasjonen blir bedt om å legge fram ei sak om drift av spesialavfallsmottaket.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Kostnadsoverslag spesialavfallsmottak.

2 stk spesialavfallscontainerar	kr. 60.000,-
Opparbeiding av areal for containerar	" 30.000,-
Støttemur i betong	" 40.000,-
Sikkerhetsutstyr	" 10.000,-
Opplæring/informasjon	" 10.000,-
	<u>kr. 150.000,-</u>

Rom for sikkerhetsutstyr, dusj, garderober m.v. inngår i tidlegare oppført bygg, og er såleis ikkje omfatta av dette kostnadsoverslaget.


Finansieringsplan.

Tilskot Miljøverndepartementet	kr. 100.000,-
Lån i Kommunalbanken	" 50.000,-
	<u>kr. 150.000,-</u>

Volda 13.9.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

Statens forurensningstilsyn

POSTBOKS 8100 DEP, 0032 OSLO 1
LØRENVEIEN 57
TELEFON (02) 65 98 10 - TELEX: 76 684 SFT N
TELEGRAMADR. "FORURENSNING".
TELEFAKS (02) 65 88 90

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
v/ Per Mulvik a/s
Postboks 86
6101 VOLDA

Deres ref.

89/2621-4
Vår ref. (basert på oppgitt ved svar) 824.8

BE

Dato : 26 JULI 1989

LØYVE TIL ETABLERING OG DRIFT AV LOKALT MOTTAK FOR SPESIALAVFALL I SAMBAND MED INTERKOMMUNAL FYLLPLASS.

I medhald av forskrift om leveringsplikt, innsamling, mottak og handsaming/disponering av særskilte grupper spesialavfall, fastsatt av Miljøverndepartementet 10. april 1984, § 3 vert Volda/Ørsta Reinhaldsverk gjeve løyve til å etablere mottaksplass for spesialavfall på den interkommunale avfallsmottaket i Volda. Vi viser til søknad av 13.03.1989.

Søknaden er handsama utan kunngjering på førehand då vi reknar at det å skilje ut spesialavfall frå anna avfall vil gje ein betre total handsaming av avfallet i området.

./.. Løyvet vert gjeve med dei avgrensingar og dei vilkår som går fram av vedlegg 1 til dette brevet.

Det er oppretta eit eige selskap "Norsk Spesialavfallsselskap - A/S NORSAS", som m.a. skal ha ansvar for å føre oversyn over strøymane av spesialavfall i Noreg. Løyvet forutset at det vert skipa ein samarbeidsavtale med NORSAS. Søknad om slik samarbeidsavtale skal sendast A/S NORSAS. Løyvet trer ikkje i kraft før ein samarbeidsavtale med A/S NORSAS er ordna.

Verksemda vil bestå i mottak og lagring av små mengder spesialavfall, avgrensa til maksimalt 10 tonn avfall. Eksplosivt, smittefarleg eller radioaktivt avfall samt organiske peroksider er det ikkje tillate å motta. Meininga med mottaket er å gje eit tilbod til innehavarar av mindre mengder spesialavfall, til dømes dei einskilte hushaldningar, småindustri eller handverk, for å sleppe at spesialavfallet vert blanda i vanleg avfall og lagd ukontrollert på avfallsfyllinger eller vert send til forbrenningsanlegg. For å hindre uvedkommande adgang til det lagra spesialavfallet, er det stelt krav til å låse av og/eller stengje av anlegget og det krevst òg tiltak som hindrar utslepp.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk kan sette drifta av mottaksanlegget bort til godkjend operatør.

Søknaden har vore lagt fram for Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. Søknaden har ikkje vore kunngjort offentleg. Vi legg ved kopi av annonsetekst som vert kunngjort i Norsk Lysningsblad og 2 lokalavisar på søkarens rekning.

Løyvet kan klagast til Miljøverndepartementet innan 3 veker frå denne avgjerda er mottatt. Klagen bør vera grunngjeven, og skal sendast til Statens forureiningstilsyn.

Med helsing


Olle Morten Grini (e.f.)

Britt Endre
Britt Endre

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga
Fylkeshusa
Julsundveien 1
6400 MOLDE

A/S NORSAS
Postboks 94
1324 LYSAKER

Volda kommune
Rådhuset
6100 VOLDA

Ørsta kommune
Rådhuset
6150 ØRSTA

26 JULI 1989

STANDARDVILKÅR FOR LØYVE TIL ETABLERING OG DRIFT AV LOKALT
MOTTAK FOR SPESIALAVFALL I SAMBAND MED KOMMUNALE AVFALLSANLEGG.

0. Vilkåra gjeld for mottaksanlegg som er spesielt innretta for mottak av spesialavfall frå hushaldningar og andre verksemdar med mindre mengder spesialavfall, mellom desse småindustri og handverkare, på områder kor det er gjeve løyve for drift av vanlege fyllplassar eller forbrenningsanlegg for kommunalt avfall.
1. ANLEGG OG DRIFT
- 1.1 Det kan lagrast inntil 10 tonn spesialavfall på mottaksanlegget.
- 1.2 Stoff som ikkje kan blandast etter ADR-avtalen (Den europeiske avtalen om transport av farleg gods på veg), skal lagrast skild frå ein annan. Kvar behaldar/lagringslokale skal vere utforma slik at eventuelt søl og spill skal samlast opp i tette oppsamlingsbrunnar og ikkje renne inn på andre område.
- 1.3 Avfall som høyrer inn under følgjande klassar etter ADR er det ikkje høve til å motta:

klasse 1	Eksplosive stoff o.l.
klasse 5.2	Organiske peroksider
klasse 6.2	Smittefarlege stoff
klasse 7	Radioaktive stoff.

Dette vilkåret er ikkje til hinder for at forureiningsstyresmaktene kan sette ytterlegare krav eller avgrensningar til kva for slag avfall som ein kan motta.

- 1.4 Alt avfall som forlet mottaksanlegget skal vere deklarerert. Deklareringa skal gjerast på eit eige deklarasjonsskjema som er godkjend av SFT. Deklarasjonsskjemaet skal m.a. vere påtrykt eit løpenummer (deklarasjonsnummer).

Består ein leveranse av fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype.

Ved mottak av større mengder spesialavfall frå småindustri, handverk o.l., skal utfylde deklarasjonsskjema følgje leveransen ved transport til mottaksanlegget.

- 1.5 Emballasje, merking osv. av avfall som lagrast på mottaksanlegget skal samsvara med krav i forskrifter om innanlands transport av farleg gods på veg, fastsett av Samferdselsdepartementet 20. desember 1979.

For småleveransar er det nok at samleemballasjen er merka.

Emballasjen skal snarast råd og seinast når avfallet forlet mottaksanlegget, i tillegg vere merka med deklarasjonsskjemaet sitt løpenummer (jfr. pkt. 1.4) med vassfast maling eller tusj.

- 1.6 Alt spesialavfall som kjem inn til mottaksanlegget skal først inn i lagerjournal. Kvar post skal ha sitt eige løpenummer (lagernummer). Journalen skal syne dato for mottak, deklarasjonsnummer (jfr. pkt. 1.4), avfallsprodusent, avfallstype, fareklasse, mengd avfall og antall kolli. Det skal og noterast i journalen når avfallet forlet anlegget og kor det vert levert.

SFT kan pålegge mottaksanlegget å sende SFT eller andre, kopiar eller sammandrag av alle journalar.

- 1.7 Det skal til einkvar tid finnast eit stort nok lager med absorpsjonsmidlar og anna naudsynt utstyr, inkludert verneutstyr, for å kunne ta hand om eventuelle søl og lekkasjar av kjemikalier.
- 1.8 Spesialavfallet skal vere utilgjengeleg for uvedkommande, anten ved at behalderane eller bygningen er nøye avlåst, eller ved at området er inngjerda og effektivt avstengd.
- 1.9 Spesialavfallet skal lagrast slik at det er skjerna mot nedbør. Det skal og vere lagra slik at avfallet vert samla opp hvis det skulle oppstå lekkasjar. Om behalderane vert nytta, skal desse vere i samsvar med avgjer som seinare måtte bli fastsett for desse.

2. GENERELLE VILKÅR

- 2.1 Dersom driften av mottaksanlegget fører til uføresette miljøulemper i området, kan SFT pålegge verksemda å foreta naudsynte endringar i anlegg eller drift, eventuelt å stanse heile verksemda eller deler av denne for kortare eller lengre tid.
- 2.2 Eigaren av anlegget pliktar å sjå til at anlegget vert driven med kompetent personale.
- 2.3 Eigaren av anlegget plikter å la representantar for forureiningsstyresmaktene eller dei etatar og institusjonar som har fullmakter, inspisere anlegget til einkvar tid.
- 2.4 Dette løyvet skal oppfyllast på ein slik måte at arbeidsmiljøet ved anlegget, sett under eitt, ikkje vert foringa. Dersom mottaksanlegget meiner at dei pålagde tiltaka ikkje kan gjennomførast på grunn av dette vilkåret, plikter den straks å gi melding til SFT. Miljøstyresmaktene kan i det høve gjere dei endringar i løyvet som er naudsynt.

Dette vilkår er ikkje til hinder for at det med heimel i annan lovgjeving vert stilt yttarlegare krav til arbeidsmiljø eller tryggleik.

- 2.5 Miljøstyresmakten kan fastsette nærare avgjerdsler om tvangsmulkt for overskridingar av vilkårane i løyvet.

Overskriding av vilkåra i løyvet er straffbart etter forureiningslova sitt kap. 10.

Sak 31/89 Investeringar for grovavfall.

Det har vore ført tingingar med Magnar Lid som grunneigar og Nautvik Knuseverk A/S som leigetakar av arealet der grovavfallsfyllinga er under regulering. Avtalen mellom Nautvik Knuseverk A/S og Magnar Lid har gått ut på at N.K. har betalt ein viss sum pr. utteken m³ masse. Grunneigar har antyda at han ynskjer at ei slik ordning skal halde fram, sjølv om det blir ny avtalepart.

For VØR sitt vedkomande bør avtaleforholdet vere reinast mogleg, dvs. at avtale bør opprettast direkte med grunneigar, og at N.K. sitt avtaleforhold med grunneigar innanfor areal regulert til grovavfallsfylling bør falle bort. Avtaleforholdet bør ordnast slik at VØR fullt og heilt har hand om området. Når det gjeld uttak av masser, bør VØR til ei kvar tid kunne stå fritt til å velge den løysing som for reinhaldsverket er den beste.

For å kunne etablere grovavfallsfyllinga må det sprengast ut eit stort volum, noko ein på sett og vis må sjå på som ei grunnlagsinvestering. Noko som er eit problem i dag er dei vanskelege avsetningstilhøva for steinmasser. Redusert anleggsverksemd har ført til at behovet for steinprodukt har minka sterkt. Dette medfører at masseuttaket blir dyrare enn det ein tidlegare hadde rekna med.

Nautvik Knuseverk A/S har i drøftingar antyda slike prisar:

- kr. 20,- pr. fast m³ for sprenging
- kr. 20,- pr. laus m³ for borttransport
- kr. 10,- pr. laus m³ for verdi av stein
- kr. 40.000,- i diverse kostnader

For å halde investeringsnivået mest mogleg på linje med volumbehovet, er det viktig å ta ut eit så lite volum som råd. Det årlege behovet er antatt å vere ca. 2000 m³. I ei 5-års periode vil det såleis vere behov for 10.000 m³ fyllingsvolum. Føreset ein at 10.000 m³ blir teke ut i første omgang vil reknestykket bli slik:

sak 31/89 forts.

Sprenging	10.000 m ³ a 20,-	kr. 200.000,-
Borttransport	15.000 m ³ a 20,-	" 300.000,-
Diverse kostnader entreprenør		" 40.000,-
		<hr/>
		kr. 540.000,-
Godtgjering for steinmasser		
	15.000 m ³ a 10,-	" 150.000,-
		<hr/>
		kr. 390.000,-
Gjerde/sjøleidning		" 150.000,-
Diverse kostnader		" 50.000,-
		<hr/>
		kr. 590.000,-
10 % investeringsavgift		" 59.000,-
		<hr/>
Sum		kr. 649.000,-

Nettokostnad pr. m³ blir såleis kr. 65,-. I tillegg kjem kapitalkostnader og driftsutgifter, slik at avgifta pr. m³ grovavfall vil nærme seg kr. 100,- for at tiltaket skal vere sjølvfinansierende.

Tilråding til vedtak:

Styret er i prinsippet innstilt på å foreta ei investering på omlag kr. 650.000,- for å få etablert grovavfallsfyllinga.

Det skal utarbeidast avtaleutkast med grunneigar Magnar Lid og med Nautvik Knuseverk A/S.

Avtaleforslag, finansieringsplan og avgiftssatsar skal handsamast på neste styremøte.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Sak 32/89 Driftsform grovavfallsfyllplass.

Når grovavfallsfyllplassen er opparbeidd og etablert, må den inngjerdast og avlåsast. Det er viktig at det blir ført streng kontroll med avfallet som blir levert. Registrering og avgiftsbereking må inn i eit godt system, og ein tenkjer seg at dette må gjennomførast på omlastingsstasjonen før avfallet kan tippast i fylling.

Grovavfallsfyllplassen vil ikkje kunne forsvare fast bemanning. Fyllplassen må derfor innrettast slik at fylling kan skje over eit lengre tidsrom utan at særskilte tiltak må gjerast. Planering og komprimering av avfall må utførast med tyngre utstyr. Skal reinhaldsverket ha slikt utstyr i sitt eige, vil det medføre ein kombinasjon av høge investeringskostnader og lav utnytting. Økonomien i ei slik løysing ville dermed bli dårleg. Kostnadmessig vil det truleg vere gunstig å inngå avtale med entreprenør om komprimering, planering og tildekking etter behov.

Detaljar i samband med driftsforma og avtalar må utarbeidast etter at alle spørsmål i samband med opparbeiding av fyllplassen er ordna.

Eit problem som fylgjer med grovavfall er rivings- og hageavfall. Dette er svært volumkrevjande, og uhandtert legg det fort beslag på disponibelt fyllingsvolum. Når reinhaldsverket opparbeider ein etter måten dyr fyllplass, må målet vere at den skal nyttast best mogleg. Ved å male opp trevirke i alle variantar, vil fyllingsvolumet kunne bli betydeleg redusert.

Det ideelle burde vere å nytte ut trevirket f. eks. til brensleflis, men det ser ut til at avsetningstilhøva for slike produkt for tida ikkje er dei beste. I alle høve bør ein ha i tankane ei viss form for utnytting av trevirke som blir levert som avfall.

Uansett vil oppmaling av trevirke medføre eit redusert behov for tilgjengeleg grovavfallsfylling. Reint økonomisk vil det neppe vere av særleg stor verdi utan at det blir mogleg med avsetning av flisproduktet.

Tilråding til vedtak:

Administrasjonen får i oppdrag å utarbeide kostnadsvurdering for drift av grovavfallsfyllplassen, og å vurdere dei økonomiske sidene ved oppmaling av trevirke.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Sak 33/89 Slamutslepp - gebyrordning.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk og Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen er i prinsippet samde om korleis slamutsleppet teknisk skal løysast. Avgiftssida må takast opp til avgjerd i kommunane.

I forprosjektet frå Garmann & Co. er investeringskostnaden for slamutsleppet rekna til 1,7 mill. kr. Med langsiktig lån kan den årlege kapitalkostnaden settast til kr. 290.000,-. Slammengde for 1988 er sett til 1150 m³ og i år 2000 til 2700 m³. Dette resulterer i at behandlingsskostnaden for slammengde som berekna for 1988 blir kr. 252,- pr. m³, og for år 2000 kr. 107,- pr. m³. I tillegg til dette kjem driftsutgifter og pumping/transport av septikslam.

Spørsmålet er korleis desse kostnadene skal betalast. Skal avgifta leggast på dei som er direkte brukarar, eller skal det bli ei generell avgift på linje med renovasjonsavgifta?

Fylkesmannens Miljøvernavdeling meiner det er viktig at kommunane no aktiviserer lovverket og krev inn utsleppsgebyr.

Abonnentane på offentleg kloakkanlegg betalar årleg kloakkavgift for bustadhus 126-165 m² leigeareal kr. 500,- inkl. mva.

Nye septiktankar er i dag på 4 m³, og tømning annankvart år er vanleg. Behandlingskostnaden ved slamutslepp vil såleis med noverande slammengde medføre ein auka kostnad for eigarar av septiktankar på ca. kr. 500,- pr. år. Føresetnaden er då at transportkostnadene er dei same som tidlegare. For innehavarar av septiktankar vil såleis meirkostnaden i høve til vanleg kloakkavgift tilsvare pumping og transport av tankinnhaldet til slamutslepp.

Gjennom avgiftssystemet må kommunane sikre seg at slammet blir tømt der det skal. Det kunne såleis vere ei fornuftig ordning at innehavarar av septiktankar vart kravd for avgift på same måten som for kloakkavgifta. Pumping og transport måtte då brukarane sjølve betale.

I samband med grovavfallsfylling er det innregulert slamutslepp og det er søkt om utsleppsløyve. Før reinhaldsverket gjer investeringar i samband med slamutsleppet, bør saka oversendast til kommunane til prinsippdrøfting om det skal innførast tvungen avgift.

Saka vert hermed lagt fram for styret til drøfting.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Styreformannen og administrasjonen tek initiativ til eit møte med kommunane om saka.



Arkiv.
Kopi Kasse

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. (02) 34 90 90 - TELEFAKS (02) 34 95 60 - TELEKS 21480 env n
POSTADRESSE: POSTBOKS 8013 DEP., 0030 OSLO 1

VOLEN KOMMUNE	
TEP 4. AT	
MOTTAK 04. 09. 89	
J.NR.	ARM
540	JH

25. 08. 89

X Melding:
Kopi Kasse }
A. A.

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
88/710-24 F VH

Dato 10 AUG. 1989

ENDRINGER I FORURENSNINGSLOVEN OG VANN- OG
KLOAKKAVGIFTSLOVEN VEDR FYLKESMANNENS KONTROLL MED
KOMMUNALE VANN- OG KLOAKKAVGIFTER OG RENOVASJONSGEBYRER,
KOMMUNAL SLAMTØMMING M.V.

I INNLEDNING

Stortinget har vedtatt endringer i forurensningsloven og vann- og kloakkavgiftsloven i samsvar med departementets forslag i Ot.prp. nr 74 (1987-88). Endringsloven ble sanksjonert i statsråd den 17. mars 1989. Den utvidede plikten for kommunene til å gjennomføre slamtømming også utenfor tettbygd strøk trer i kraft fra det tidspunkt Miljøverndepartementet bestemmer. Denne myndigheten delegeres ved dette brevet videre til fylkesmannen. De øvrige lovendringene trådte i kraft straks.

II OPPHØR AV ORDNINGEN MED FYLKESMANNENS
FORHÅNDSGODKJENNING AV RENOVASJONSGEBYRER OG
FORSKRIFTER OM VANN- OG KLOAKKAVGIFTER

Endringsloven opphever forurensningslovens § 34, 4. ledd og vann- og kloakkavgiftslovens § 3, 2. pkt. om fylkesmannens forhåndsgodkjenning av kommunens renovasjonsgebyrer og forskrifter om vann- og kloakkavgifter.

Lovendringen endrer bare på den statlige kontrollen med de kommunale avgifter, og berører ikke reglene som hjemler og begrenser kommunens adgang til å kreve inn gebyrer/avgifter. Dette innebærer at under forutsetning av at vedtakene ikke strider mot hjemmelslovene, blir avgifts- og gebyrvedtak straks gyldige, og kan kreves inn så snart de

er kunngjort i samsvar med reglene i forvaltningsloven.

Fylkesmannen vil fortsatt ha den etterfølgende legalitetskontrollen med vedtakene etter kommunestyrelovens § 60 og kan gripe inn ved å erklære forskriften for ugyldig dersom den er i strid med loven. Det er imidlertid en forutsetning fra departementets side at fylkesmannen skal trappe ned kontrollvirksomheten slik at ressursene kan nyttes til andre oppgaver.

Lovendringen trådte i kraft straks ved Kongelig resolusjon av 17. mars 1989. Kommunale forskrifter vedtatt etter denne dato er derfor gyldige uten forhåndsgodkjenning. Loven virker imidlertid ikke tilbake på forskrifter vedtatt før lovendringens ikrafttreden. Disse forskriftene trenger derfor fylkesmannens godkjenning for å bli gyldige.

III INNFØRING AV TVUNGEN SLAMTØMMING UTENFOR TETTBYGD STRØK

Etter forurensningslovens § 26 har kommunen plikt til å sørge for tømming av slam fra slam- og fettavskillere og andre samlekkummer for avslamming av sanitært avløpsvann.

Begrunnelsen for regelen er at effekten av renseanlegg og slamavskillere gradvis avtar dersom slamtømming ikke blir gjennomført. Ved utarbeidelsen av forurensningsloven anså man det derfor for nødvendig å innføre et mer ordnet system for slamtømming der kommunen fikk ansvar for å gjennomføre faste tømninger. Forutsetningen var at den kommunale slamtømmingen skulle gjelde hele kommunen, men slik at kommunen kunne gjøre individuelle unntak dersom særlige hensyn gjorde seg gjeldende. Teknisk ble dette ordnet ved forurensningslovens regler om kommunal innsamling av forbruksanfall skulle gjelde tilsvarende for den kommunale slamtømmingsordningen. Etter § 30 i forurensningsloven kan kommunen imidlertid avgrense den kommunale innsamlingen av forbruksavfall til å gjelde bare i såkalt tettbygd strøk. Flere kommuner har benyttet denne unntaksregelen, og også avgrenset slamtømmingsordningen til bare å gjelde i tettbygd strøk.

Denne unntaksmuligheten er imidlertid fjernet ved at det nå er presisert i § 26, 3. ledd at plikten til å gjennomføre tømmeordning gjelder, i hele kommunen, både i og utenfor i tettbygd strøk.

Miljøverndepartementet bestemmer når denne utvidede plikten for kommunene skal tre ikraft. Departementet antar at 1. januar 1991 er en passende frist for gjennomføringen. Det kan imidlertid være behov for ulik frist i forskjellige fylker, og under behandlingen av lovendringsforslaget i Stortinget ga Kommunal- og miljøvernkomiteen uttrykk for at denne lovendringen bør tre i kraft til forskjellig tidspunkt i ulike fylker og kommuner. Departementet finner det derfor riktig å overlate til fylkesmannen å bestemme

fra hvilket tidspunkt lovendringen skal gjelde.

Miljøverndepartementet delegerer således til fylkesmannen myndighet etter Lov av 17. mars 1989 nr 11 avsnitt III nr (2), jf kongelig resolusjon av 17. mars 1989 pkt 2, til å fastsette fra hvilket tidspunkt den nevnte endring i forurensningslovens § 26, 3. ledd skal tre i kraft.

Fylkesmannen bestemmer om det skal gjelde en frist for gjennomføring av ordningen i hele fylket eller om ordningen skal tre i kraft til ulikt tidspunkt for ulike kommuner. Fylkesmannens fastsettelse av ikrafttredelsestidspunkt er vedtak etter forvaltningslovens § 2, litra a). Gis det en generell frist for gjennomføringen i hele fylket blir dette en forskrift, og reglene i forvaltningslovens kap. VII om forskrifter må da følges. Forskriften bør inneholde en unntaksbestemmelse hvorefter fylkesmannen etter søknad kan gi utsettelse med gjennomføringen av ordningen. Forslag til forskriftstekst vedlegges.

IV ADGANGEN TIL Å PÅKLAGE KOMMUNENS VEDTAK ETTER FORURENSNINGSLOVEN OG KOMMUNENS PLIKT TIL Å BEGRUNNE VEDTAKET

§ 85 i forurensningsloven har regler som utvider adgangen til å klage over og plikten til å begrunne enkeltvedtak kommunen treffer, i forhold til det som gjelder etter forvaltningsloven. Begrunnelsen for dette er å finne i at kommunestyret er gitt myndighet til å treffe skjønsmessige enkeltvedtak der private pålegges rettigheter og plikter (f.eks §§ 35, 37, og 47). Begrunnelsen slår imidlertid ikke til ved enkeltvedtak truffet i medhold av §§ 30, 26, 3. ledd og 34 om renovasjon og slamtømming. Det er nå gjort klart i loven at den utvidede plikten til å begrunne enkeltvedtak og utvidede adgangen til å påklage kommunale vedtak ikke gjelder for vedtak om renovasjon og slamtømming. Dette er bare et spørsmål om å bringe loven i tråd med gjeldende praksis, i det lovens bestemmelser om begrunnelsesplikt og klageadgang aldri har trådt i kraft når det gjelder disse vedtakene (jf s 40 i rundskriv T-18/83).

§ 85, 1. ledd er også endret slik at det går klart fram at kommunen kan delegerer sin myndighet etter siste punktum til å påklage enkeltvedtak som berøre mange mennesker i kommunen.


V DELEGERING AV MYNDIGHET TIL INTER(FYLKES)KOMMUNALE SELSKAPER

Etter §§ 83 og 84 i forurensningsloven skal myndighet som i loven eller ved vedtak av forurensningsmyndigheten er lagt til kommunen og fylkeskommunen, brukes av kommunestyret og fylkestinget. Kommunestyret og fylkestinget kan likevel

delegere myndighet til å fatte enkeltvedtak til bl.a. særskilt utvalg opprettet etter kommunestyreloven eller fylkeskommuneloven. Ved praktiseringer av forurensningsloven har Miljøverndepartementet lagt til grunn at dette også omfatter delegering til styre og administrasjon for interkommunale selskaper opprettet etter § 27 i kommunestyreloven. Dette er nødvendig for å etablere effektive interkommunale selskaper på bl.a. avløps- og renovasjonssektoren. I forurensningslovens §§ 83, 2. ledd og 84, 2. ledd går det nå klart frem at når særlige hensyn taler for det kan kommunestyrets (fylkestingets) myndighet delegeres til (fylkes)kommunale - og inter(fylkes)kommunale selskaper.

Med hilsen


Harald Holm e.f.


Øystein Wang

Likelydende brev til: -fylkesmennene
-kommunene

Saksbehandler: Victor Hafr
Tlf: 02 - 34 58 35

**FORSKRIFT OM IKRAFTTREDELSE AV ENDRING I
FORURENSNINGSLOVENS § 26, 3. LEDD OM KOMMUNAL
SLAMTØMMING**

Fastsatt av Fylkesmannen i den.....
i medhold av lov av 17. mars 1989 nr 11 avsnitt III nr (2),
jfr kgl. res 17. mars 1989 pkt 2 og Miljøverndepartementets
delegeringsvedtak av .. august 1989.

§ 1

Kommunenes plikt etter det nye siste punktum i foruren-
ningslovens § 26, 3. ledd gjøres i fylke
gjeldende f.o.m. den 19.. . Fra denne dato av
skal kommunene sørge for tømming av mindre
renseinnretninger såsom slamavskillere og andre samlekkummer
for avslamning av sanitært avløpsvann og overvann i hele
kommunen, både i og utenfor tettbygd strøk. Det samme
gjelder for oppsamlingstanker med ubehandlet sanitært
avløpsvann.

§ 2

Fylkesmannen kan gjøre unntak fra denne forskrift.

Sak 34/89 Tilsetjingsforholda.

Det er i dag 13 tilsette i Volda/Ørsta Reinhaldsverk. Spørsmål om arbeidsgjevarforholda har vore drøfta fleire gonger tidlegare, og sakkunnig uttale er innhenta frå Kommunenes Sentralforbund.

I budsjettsamanheng er det rekna med 10 tilsette i 1989. Driftsleiaren meiner at med dei funksjonar som etter kvart blir lagt til reinhaldsverket, vil det vere behov for 11 stillingar.

Slik situasjonen er i dag, vil 2 stillingar gå ut som fylgje av naturleg avgang, truleg kring 1. oktober. Etter denne datoen vil det såleis vere 11 tilsette i reinhaldsverket. Dersom ynskjet frå driftsleiaren blir teke til fylgje, vil problemet vere enklare. Om det skal haldast fast på 10 tilsette, må den 11. stillinga overførast til kommunane, men då vil situasjonen vere at det til tider må leigast ekstrahjelp. Det er då ein føresetnad at det er igjen nok sjåførar.

Når det gjeld arbeidsgjevarforholda viser eg til utgreiing frå KS datert 22.06.89, der det blir fastslått at formell overtaking kan gjennomførast når vedtektene er godkjende. Slik godkjenning er gitt.

Det som no må skje, er at tidlegare arbeidsgjevar må gje dei tilsette formell melding om overgang til ny arbeidsgjevar. Dessutan må det gjerast avtale med KLP.

Når det gjeld svar på spørsmål 2 i utgreiing av 22.06.89, oppfattar eg det slik at med administrasjonsutval er meint reinhaldsverkets administrasjonsutval. VØR har ikkje særskilt administrasjonsutval, slik at denne funksjonen må ligge til styret. Styret skulle dermed ha tilsetjingsmynde.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett og blir sett i samanheng med sak om bemanningsplan.



Deres ref.

Vår ref.
ROH/mb forh.
Ark. nr.
030 &65
Dato
22.06.89

Per Mulvik A/S
Boks 86

6101 VOLDA

SPØRSMÅL VEDK. INTERKOMMUNALT SELSKAP.

Vi viser til Dykkar brev av 29. april 1989.

Sentralforbundet går ut frå at selskapet er eit interkommunalt selskap og ikkje eit aksjeselskap. Dersom selskapet er eit aksjeselskap gjeld reglane for aksjeselskap fullt ut. Reglane i avtaleverket gjeld eventuelt berre dersom det internt i selskapet er fastsett at dei skal nyttast, og eventuelt berre så langt reglane ikkje er i strid med ufråvikeleg regelverk i aksjelovgivningen.

Dersom selskapet er eit selskap som nevnt i kommunelova § 28 andre ledd og § 29, noko vedtektene tyder på, gjeld kommunelova, forvaltningslova, arbeidsmiljølova og kommunalt avtaleverk for verksemda.

I fylgje kommunelova §§ 29 og 58 nr. 7 skal vedtektene godkjennast av kongen.

Svaret på spørsmål nr. 1 vert difor at formell overtaking fyrst kan gjennomførast når vedtektene er godkjennende av kongen i Statsråd.

Spørsmål 2: Sentralforbundet tilrår at styret vert oppretta i samsvar med Hovedavtalen, regelverket om administrasjonsutvalg. Dei tilsette sine rettar fylgjer då av dette regelverket.

Spørsmål 3: Ja, men arbeidstida må fastsettjast som fastlagt i arbeidsmiljølova §§ 46 og 47 dersom arbeidet skal leggjast opp med ulik arbeidstid pr. dag og veke. Tariffavtalen gjeld for arbeidstida pr. veke (37,5/35,5 timar), sjå Hovedoverenskomsten § 4.

Spørsmål 4: Dersom det med personalsaker vert sikta til oppseiing o.l. bør regelverket som gjeld for andre kommunalt tilsette fylgjast, dvs. forvaltningslova og arbeidsmiljølova, samt reglane i Hovedavtalen. Det kan vere

BREV ADRESSERES TIL FORBUNDET

365ROH.MB/FBREV DIV

FORFORADRESSE
HaaFon VII's gt 9
0161 Oslo 1

POSTADRESSE
Postboks 1378 Vika
0114 Oslo 1

TELEFON
(02) 83 37 00

TELEFAX
(02) 83 22 22
(02) 83 17 86

TELEGRAMADRESSE
Kommunebyrå

POSTGIRO
5 34 51 29

BANKGIRO
5024 05 15153

tvil om forvaltningslova gjeld, sjå lova § 1. I personalsaker gjeld lova berre for vedtak nemnt i § 2 andre lekken. Klagereglane gjeld ikkje.

Spørsmål 5: Utgangspunktet er at tariffavtalen gjeld til den vert oppsagt. Eit alternativ kan vere at alle arbeidstakarar vert sagt opp i kommunen og tilbudd tilsettjing i selskapet på nærmare fastsette vilkår.

Spørsmål 6: Medlemskap i pensjonsordninga er neppe noko problem. Spørsmålet må avklarast med pensjonskassen. Så lenge tariffavtalen gjeld har arbeidstakarane krav på å få eit tilsvarande tilbod.


Olepetter Roald


Rune Olav Horstad

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA, 29.04.89

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Norske Kommuners Sentralforbund
Lønns- og personalavdelinga
Postboks 1378 Vika
0114 Oslo 1

Spørsmål vedk. interkommunalt selskap.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk har tidlegare fått utgreidd spørsmål om arbeids-
gjevaransvaret. Eg takkar for greit svar i Dykkar brev av 24.2.89.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap skipa i samsvar med
kommunelova av kommunane Volda og Ørsta. Kopi av vedtektene ligg ved.

I samband med overtaking av driftsansvaret har det meldt seg ytterlegare
spørsmål som treng avklaring.

Representantskapet vedtok i møte 24.10.88 å overta 10 av 13 kommunalt tilsette
i renovasjonen, og kommunane vart bedt om å forhandle med arbeidstakar-
organisasjonane om kven som skulle overførast til reinhaldsverket. Reinhalds-
verket overtok ansvaret for renovasjonen 1.1.89. Permanent omlegging har blitt
forseinka i høve til tidlegare planer. Dette vil skje i 2. halvår 1989, og
dei 13 tidlegare kommunalt tilsette vil halde fram til omlegging er gjennom-
ført. Etter denne tid vil reinhaldsverket ha 10 tilsette.

Volda kommune som var arbeidsgjevar før 1.1.89 har pr. d.d. ikkje signalisert
kven av dei 13 tilsette som skal overførast til reinhaldsverket. Det er heller
ikkje gjort formell avtale om overtaking av dei tilsette, desse har halde
fram i sine tidlegare funksjonar for at renovasjonen skulle fungere.

Spørsmål nr. 1:

På kva måte og på kva tidspunkt bør formell overtaking skje?

Av vedtektene § 7 går det fram at dei tilsette skal vere representert i styret
i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avtaleverk mellom organisasjonane.

PER MULVIK

Spørsmål nr. 2:

Kva seiør gjeldande avtaleverk om dette?

Spørsmål nr. 3:

Frå tidlegare arbeidsgjevarforhold eksisterer særskilte arbeidstidsavtaler. Står Volda/Ørsta Reinhaldsverk som ny arbeidsgjevar fritt til å fastsette arbeidstid tilpassa rutiner ved endra renovasjonsopplegg?

Spørsmål nr. 4:

Korleis er saksgangen ved eventuelle tvistar i personalsaker?

Spørsmål nr. 5:

Skal lønsforhold for personell som reinhaldsverket overtek vere som i tidlegare arbeidsgjevarforhold?

Spørsmål nr. 6:

Er det naturleg at pensjonsordninga held fram etter ordning i føregåande arbeidsgjevarforhold?


Vi håper det finns svar på spørsmåla.

På førehand takk.

Med helsing

for Volda/Ørsta Reinhaldsverk

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA


Sekr.



Sak 21/89 Arbeidsgjevaransvaret.

Det har ved fleire høve tidlegare blitt gjort forsøk på å få avklart arbeidsgjevaransvaret, og ulike syn har kome fram.

Spørsmålet er seinast teke opp med Kommunenes Sentralforbund, som kort og greit svarar at arbeidsgjevaransvaret ligg hos det interkommunale selskapet.

Når det gjeld spørsmål om overflødige stillingar, svarar Sentralforbundet at hovudavtalen kap. 3.3.b) omhandlar arbeidsgjevar sine plikter i samband med dei verknader planlagde/føreståande endringar i verksemda vil få for arbeidstakarane. Arbeidsmiljølova § 60 gjev vern mot usakleg oppseiing.

Arbeidsmiljølova § 67 seier kva fortrinnsrett arbeidstakar som er oppsagd p.g.a. arbeidsmangel, har til ny stilling i same verksemd.

Sentralforbundet seier til slutt at reinhaldsverket vil ha det formelle ansvaret for dei tre overflødige stillingane, men det er ikkje noko til hinder for også å drøfte problemet med dei deltakande kommunane for såleis å finne ei tilfredsstillande løysing.

Tilråding til vedtak:

Styret tek til vitande utgreiinga frå Kommunenes Sentralforbund, og vil orientere kommunane om saka.

Helge Remøy la fram fylgjande forslag til vedtak:

"Eg kan ikkje sjå noko forskjell på Ørsta/Volda Lufthamn og Reinhaldsverk. Då begge skal vere eit service-organ for begge kommunane og til brukarane sitt beste, meiner eg at det er best at vi får same arbeidsgjevaropplegg for begge.

Og at kommunane har arbeidsgjevaransvaret."

Forslaget frå Helge Remøy fekk 1 røyst.

Administrasjonen si tilråding til vedtak vart vedteke med 3 røyster, Øye, Aarflot, Bere.



Per Mulvik A/S
Boks 86
6101 VOLDA

Deres ref.

Vår ref.
AL/lh forhandl
Ark. nr.
030
Dato
24.2.89

SPØRSMÅL VEDKOMANDE INTERKOMMUNALT SELSKAP

Vi viser til brev datert 13.2.89.

Når det gjeld det første spørsmålet Dykkar om arbeidsgjevaransvaret, så vil dette ligge hos det interkommunale selskapet.


Når det gjeld det andre spørsmålet, så vert dette m.a. regulert av følgjande lov- og avtaleverk:

Hovudavtalen kap. 3.3 b) omhandlar arbeidsgjevar sine plikter i samband med dei verknader planlagde/føreståande endringar i verksemda vil få for arbeidstakarane.

Arbeidsmiljølova § 60 gjev vern mot usakleg oppseiing.

Arbeidsmiljølova § 67 seier kva fortrinnsrett arbeidstakar som er oppsagd pga. arbeidsmangel, har til ny stilling i same verksemd.

Reinholdsverket vil ha det formelle ansvaret for dei tre overflødige stillingane, men det er ikkje noko til hinder for også å drøfte problemet med dei deltakande kommunane for såleis å finne ei tilfredsstillande løysing.


Kari Haug


Aud Lunde

ER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 838

Norske Kommuners Sentralforbund

v/Gro Ødegård

Postboks 1378 Vika

0114 Oslo 1.

Eg viser til tlf.samtale 16.2.89 og sender som avtalt kopi av brev til NKS av 13.2.89.


Spørsmåla i brevet av 13.2.89 kan kort stillast slik:

1. Kven har arbeidsgjevaransvaret for selskapet i drift?
2. Har kommunane Volda og Ørsta eit delt ansvar for dei 3 overflødige stillingane?

Volda 16.2.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



ER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Norske Kommuners Sentralforbund
Lønns- og personalavdelinga
Postboks 1378 Vika
0114 Oslo 1.

Spørsmål vedk. interkommunalt selskap.

Underteikna er sekretær for Volda/Ørsta Reinhaldsverk, eit interkommunalt selskap skipa i samsvar med kommunelova av kommunane Ørsta og Volda.

Kopi av vedtektene ligg ved.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk ynskjer å få utgreidd dei formelle sidene omkring arbeidsgjevaransvaret. Det konkrete spørsmålet er eigentleg om det er det interkommunale selskapet eller nokon av kommunane som har arbeidsgjevaransvaret.

Tidlegare var renovasjonen basert på eit vanleg samarbeid mellom kommunane, der Volda kommune hadde arbeidsgjevaransvaret.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk skal overta 10 av 13 tilsette i den tidlegare fellesrenovasjonen. Reinhaldsverket ynskjer å få uttale om kven som har ansvaret for dei 3 overfløydige stillingane, er det reinhaldsverket eller Volda kommune som tidlegare arbeidsgjevar.

Volda 13.2.89

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA


Kopi: styreform. Lars Petter Øye

Sak 37/89 Rekneskapsføring.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Rekneskapen for 1989 vert å føre hjå Voldaregnskap A/S.

Fullmakt til disponering av konto 8702.05.03821 gjeve til Ørnholt og Melby blir trekt tilbake.

Kontoen blir i staden disponert av driftsleiar Knut Brune.

Den praktiske overgangen må bekreftast av Volda kommune og revisor.

ENDRING AV FULLMAKT.

Styret i Volda/Ørsta Reinholdsværk gjorde i møte 26.9.89, sak 37/89, slikt samrøystes vedtak vedkomande disposisjonsretten til konto 8702.05.03821:

" Fullmakt til disponering av konto 8702.05.03821 gjeve til Ørnholt og Melby blir trekt tilbake.
Kontoen blir i staden disponert av driftsleiar Knut Brune."

Ørsta 03.10.89.



Lars Petter Øye, styreformann
Volda/Ørsta Reinholdsværk

Ulyent dato.
mellom 26/6 og 26/9

Styresak pr. telefon.

Sak 29/89 Diverse tilleggsinstallasjoner.

Etter direkte kontakt med dei enkelte styremedlemene vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Det skal monterast talje/grabb over trekt til kostnad kr. 50.-60.000,- eks. mva. ferdig montert inkl. stålkonstruksjon og elektrisk installasjon.

Det skal monterast køyrepånel på øvre plan, kostnad kr. 4.300,- ferdig montert.

Det skal installerast overvåkingskamera og monitor til kostnad kr. 7.700,- ferdig montert.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Jan Driveklepp
Knut Brune
Per R. Mork


Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt sak 27/89 og sak 28/89 frå styremøte 20.6.89.

Rasmus R. Aarflot måtte forlate møtet under handsaming av sak 27/89.
Jan Driveklepp møtte ikkje.

Volda 21.6.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA



Sak 27/89 Reguleringsplan for grovavfallsfylling og slamutslepp.

Som vedlegg til saka fylgjer forslag til reguleringsføresegner og beskrivelse av anlegget, samt forslag til søknad til utsleppsløyve, alt utarbeidd av VIAK A/S. Sjølve reguleringsplanen er utført i tråd med samtalar undervegs.

Til beskrivelsen av anlegget, dat. 25.05.89, har eg fylgjande kommentar:

I pkt. 3, siste avsnitt, står det om deponi av ristgods: "--- deponerast på ein måte som blir godkjent av styresmaktene for helse og forureining".

For VØR er det avgjerande at driftskostnadene ved anlegget totalt sett blir halde så lave som råd. Etersom masseuttaket av stein i den seinare tid har blitt vesentleg mindre enn rekna med, må VØR vere budd på å ta ein viss del av desse kostnadene for å få etablert eit fyllingsvolum. VØR har sett det som viktig at ristgods kan deponerast i grovavfallsfyllinga. I motsett fall må det etablerast ein eigen fyllplass for ristgods. Dette betyr ein klar auka kostnad, samstundes med at lokalisering av ein slik fyllplass nok vil by på store problem. I siste avsnitt i pkt. 3 bør derfor stå at ristgods skal deponerast i grovavfallsfyllinga.

I pkt. 4, første avsnitt står det at overvatn frå fjellskråninga skal førast utanom grovavfallsfyllinga. Dette kan i praksis vise seg vanskeleg å få til. "---utan at det kjem i kontakt med sjølve grovavfallsfyllinga" bør derfor gå ut.

Når det gjeld søknad om utsleppsløyve er det vist til at dette skal gå til ca. 150 m djup. Det er gjennom samtalar reist spørsmål om dette er unødig mykje, ettersom 50 m er antyda som rikeleg. Ein slik reduksjon vil bety sparte kostnader. Det bør såleis vurderast om utsleppsdjupna kan reduserast.

Når det gjeld pkt. 3.2. i utsleppssøknaden er det vist til at det under vegen er føreslege borhol utan foringsrør. Det er grunn til å tru at fjellet her inneheld så mykje slepper at foringsrør er naudsynt.

I pkt. 4 bør det gå fram at ristgods skal lagrast i grovavfallsfyllinga, kfr. utgreiing ovanfor.

I pkt. 5 er det sagt at utsleppsarrangementet blir bygd i ein etappe uavhengig av tempoet i oppfyllinga av grovavfallsdeponiet. Dette er for så vidt greit, men eg ser det slik at på grunn av den økonomiske sida av saka er det eine avhengig av det andre for å få ei fornuftig fordeling av kostnadene. Begge tiltaka bør derfor gå parallellt og etablerast samstundes.

sak 27/89 forts.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Styret seier seg samd i saksutgreiinga i sak 27/89.

Planen skal snuast, slik at slammottak blir plassert i andre enden, og uttak av fjellmasser vil starte i aust.

Styret bed om at planane blir justert i samsvar med sak 27/89.

Sak 28/89 Plassering av gjerde.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Gjerde skal vere 2 m høgt, og skal i aust plasserast i byte, i syd i skjeringstopp, i vest i byteline og i nord i ei line 3 m frå bytelina.

Administrasjonen må vurdere justeringar ut frå dette.

Det skal søkjast Ørsta kommune om kjøp av tilleggsareal mot nord.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Jan Driveklepp
Knut Brune

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt sak 26/89 frå styremøte pr. telefon 19.5.89.

Volda 19.5.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA



Sak 26/89 Reguleringsplan slamutslepp.

Volda kommune har engasjert VIAK A/S til å utarbeide reguleringsplan for grovavfallsfylling i Alida. Volda/Ørsta Reinhaldsverk har bede om at slamutsleppet blir regulert inn samstundes, men til dette arbeidet er det frå kommunens side ikkje avsett midlar. Spørsmål om dekning av utgiftene må bli ei sak for seg, men på grunn av at det hastar med å få innregulert slamutsleppet, må reinhaldsverket forskottere utgiftene. VIAK A/S har gitt pris på arbeidet, kr. 15.000,-.
Kopi av tilbodet fylgjer saka.

Denne planen blir ein del av planen for grovavfallsfyllplassen.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

VIAK A/S blir tildelt oppdraget i samsvar med tilbod av 12.04.89.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
v/ing. Mulvik A/S
6100 VOLDA

Molde, 12.04.89

PRISTILBUD PÅ SLAM

Vi viser til telefonsamtale med Per Schjelerup den 12. mai 1989 og kan gi pristilbud på følgende arbeider:

1. Omarbeide forslaget til reguleringsplan for grovavfallsfylling i Alida til også å omfatte anlegg for mottak og siling av septikslam inkl. avløpsledning.

Honorar kr 7.000,-.

2. Søknad om utslippstillatelse etter forurensingslova for septikslam til dypvannsutslipp etter forutgående grovrensing,

Honorar kr 7.000,-.

3. Utgifter til porto/telefon/kopiering kr 1.000,-.

4. Total kostnad med arbeidet kr 15.000,-.

Tilbudet forutsetter at miljøvernavdeling hos fylkesmannen godkjenner slamløsninga som går fram av rapporten frå Garmann og Co (februar 1988).

Utgifter til reiser, møtedeltaking eller annonsering går ikkje inn i prisen.

Med hilsen
VIAK, Molde

Ivar Mork-Grevsnes



Arve Remmen

”VIAK er et av landets største rådgivende ingeniør- og arkitektkontorer.

Vi har desentraliserte kontorer i Øst-, Vest- og Midt-Norge, med en rekke avdelingskontorer.

Utviklingen av samfunnet rundt oss er vårt hovedsatsområde. Med vår særegne tverrfaglighet tilbyr vi tjenester på alle ledd i utviklingsprosessen. Fra kartlegging, geodata-produksjon og analyser, gjennom planlegging og prosjektering, til bygg- og prosjektledelse.

Tverrfagligheten, sammen med aktiv satsing på utvikling av nye metoder og EDB-verktøy, har gjort VIAK til en banebryter når det gjelder å omsette moderne teknologi til faktisk nytteverdi for våre kunder.

De ansatte er sammen hovedaksjonær i ”selskapet.

VIAK, region Midt-Norge:

Avd. Trondheim
Kjøpmannsgt. 51
Postboks 4519 Kalvskinn
7002 Trondheim
Telefon (07) 51 88 22
Telefax (07) 51 88 28

Avd. Molde
Julsundvn. 47
6400 Molde
Telefon (072) 54 344
Telefax (072) 52 625

Avd. Kristiansund
Langvn. 16
6500 Kristiansund N
Telefon (073) 77 766
Telefax (073) 77 749

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Jan Driveklepp
Knut Brune
Per Mork

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt sakene frå styremøte 2.5.89.

Alle bortsett frå Knut Bere møtte.

Volda 4.5.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 24/89 Anskaffelse av vekt.

Saka var sist handsama i styremøte 18.4.89, sak 19/89.

Ein del uklare spørsmål har blitt drøfta med tilbydarane.

Ose & Aarseth A/S trekte sitt tilbod 2.5.89, då dei meiner dei ikkje kan levere eit godt nok produkt.

Etter det representantar frå INPRO har vist, tyder deira produkt (TOLEDO) på å vere godt tilpassa reinhaldsverkets behov.

Tilbodet frå INPRO utgjør kr. 142.000,- for vekt og kr. 58.000,- for PC-løysing. Gebyr til justervesenet og bygningsmessige arbeid vil kome i tillegg til kostnaden. Evt. printer nr. 2 vil kunne leverast for kr. 7.100,-.

Monteringskostnad er inkludert i prisen.

Utstyr for sjølvbetjening vil kunne skaffast for kr. 62.500,- og faktureringsprogram for kr. 10-15.000,-. Alle beløp eks. mva.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Det skal anskaffast vekt med utstyr for sjølvbetjening.

Styreformann, sekretær og driftsleiar får fullmakt til å inngå avtalar på alt eller deler av utstyret.

Total kostnad vil utgjere ca. kr. 300.000,- eks. mva.

Grunnlag for vedtaket er tilbod frå INPRO av 2.3.89.

Sak 25/89 Heving av takhøgd øvre plan.

Det er i det siste reist spørsmål om takhøgda på øvre plan er stor nok. Takhøgda er rekna til 5,0 m netto, og det er på nytt gjort vurderingar omkring dette. For store lastebilar med bakmontert kran er høgda for lav, men for renovasjonskøyrety av vanleg kategori er høgda stor nok. Spørsmålet om høgda har blitt drøfta med to private leverandørar, og det er semje om at for deira del kan problemet løysast utan å heve taket. Korleis innsamlingsmateriellet vil sjå ut i framtida er vanskeleg å vurdere, men går det mot større transporteiningar kan høgda på 5,0 m bli i knappaste laget.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Styret vedtek å heve taket over øvre plan med 0,5 - 1,0 m.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535


Lars Petter Øye
Helge Remøy
Knut Bere
Rasmus R. Aarflot
Jan Driveklepp
Knut Brune

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt sakene til styremøte tirsdag 18. april.

Volda 8.4.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA



PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Knut Bere
Rasmus R. Aarflot
Jan Driveklepp
Knut Brune

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Eg viser til styremøte 18.4.89 der samtlige møtte.

Knut Eikrem møtte som representant for dei tilsette.

Det vart drøfta kor vidt dei tilsette skal vere representert. Etter vedtektene skal dei tilsette vere representert etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Inntil dette er avklart vil Eikrem møte som observatør.

Det vart gjort slike vedtak:

Sak 15/89 Sekkeutdeling.

Tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 16/89 Mobiltelefon.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Det skal innkjøpast mobiltelefon. Utgiftene går over konto 3800.200 kontorutgifter.

Sak 17/89 Økonomisk oversikt for drifta.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Styret tek saka til vitande.

Ny budsjettoversikt skal framleggast pr. 1.6.89.

Sak 18/89 Søknader om fritak for renovasjon.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Ingen av søknadene vert imøtekomne.

Sak 19/89 Anskaffelse av vekt.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Sak 20/89 Innreiingsarbeid, valg av entreprenør.

Tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 21/89 Arbeidsgjevaransvaret.

Helge Remøy la fram fylgjande forslag til vedtak:

"Eg kan ikkje sjå noko forskjell på Ørsta/Volda Lufthamn og Reinhaldsverk. Då begge skal vere eit service-organ for begge kommunane og til brukarane sitt beste, meiner eg at det er best at vi får same arbeidsgjevaropplegg for begge.

Og at kommunane har arbeidsgjevaransvaret."

Forslaget frå Helge Remøy fekk 1 røyst.

Administrasjonen si tilråding til vedtak vart vedteke med 3 røyster, Øye, Aarflot, Bere.

Sak 22/89 Instruks for driftsleiar.

Tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke med fylgjande tillegg:

Tillegg pkt. 4: Styreformannen skal tilvise driftsleiar sine rekningar.

Nytt pkt. 9: Driftsleiaren pliktar å finne seg i dei endringane styret måtte gjere i denne instruksen.

Sak 23/89 Arbeidsformann/NK.

Tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 24/89 Referatsaker.

Lånedokument for bil

Lånedokument for kommunalbanken

Orientering om problem med fyllingsmasser, masseutskifting skal vurderast.

Batteriinnsamling


Slambehandling - slamutslepp skal inn i reguleringsplan for Alida.

Papirinnsamling.

Volda 19.04.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 19/89 Anskaffelse av vekt.

I styremøte 29.3.89, sak 14/89, vart det vedteke å anskaffe bilvekt med mål 3 x 6 m, montert på øvre plan. Det har kome inn to tilbod på vekt.

Tilboda er noko vanskelege å samanlikne direkte, og begge har føresett at kalibrering av vekta skal oppgjerast etter rekning. Kalibrering er ein nokså omstendeleg prosess. Ose & Aarseth A/S har ikkje med mekanisk montering i sin pris, men det blir arbeidd med å få fram tal for dette.

For begge alternativa vil sluttsommen for ferdig montert og godkjend vekt ende på rundt kr. 300.000,- eks. mva. I tillegg til dette kjem bygningsmessige arbeid som må utførast i samband med fundamenteringa.

Det er oppgjeve 6 vekers leveringstid frå Ose & Aarseth A/S og 8 veker frå INPRO.

I påvente av pris på montering frå Ose & Aarseth A/S blir saka oversendt utan tilråding til vedtak.

Samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Ose & Aarseth a.s

Elektronmarked • Aut.El-Entreprenør • Radio • TV • Data • Kommunikasjon



PER MULVIK A/S
V/Per Schjeldrup
6100 VOLDA

Volda.29.03.89



REVIDERT PRISTILBUD LASTEBILVEKT FOR INNTIL 30 TONN. FOR KOMPRIMERINGSANLEGG.

Vi takker for forespørsel og kan tilby følgende.

- POS 1 1stk. Vegeplattform 3000 x 6000mm
Kapasitet: 30 tonn
Plattformen utstyres med demonterbare plater
over hver vegeselle 500x500mm.
Bæreprofilen leveres sandblåst og preimet fra
verksted. Alle sveiser stålbørstes og etter-
preimes.
- Plattformen utstyres med:
- 4 stk. DS2535-10 tonn veieseller
Nøyaktighet: 0.03 %
 - 4 stk. P 8474/103 -x2 maskinskofundament
m/lastbærere og sfærisk skivesett.
 - 1 stk. PC7764/3 koblingsboks for parallellkobling
av 4 celler
- 1 stk. PC1172 vektinstrument for frontmontasje med
lastebilprogram og i
utførelse med utgang for datakommunikasjon
med microprosessor. Typegodkjent for kjøp og salg.
Vegeområde : 0-30tonn.
Deling : 10 kg
- 1 stk Skap for plassering av vektinstrument og printer.
Vegeområde: 30 tonn
Deling: 10 kg
- 1 stk. Elektrisk tilkobling og prøvekjøyr av vekten.

Samla pris POS 1

kr. 250 000,-
=====

POS 2

1 stk. Microline 182 printer for utskrift av vegeseddel.

Pris

kr. 12 000,-
=====

POS 3

Kalibrering av vekta for kjøp og salg er ikke med i prisen da dette er vanskelig å forutsjå.
(Loddleige, frakt, mann frå justervesenet samt andre uforutsette ting)

Prisen er netto til Dykk eksklusiv merverdiavgift, fritt levert Ørsta, ekskl. bygningsmessige arb. og mekaniskmontering.

Prisen er basert på dagens pris og lønsnivå, og vi tar atterhald om endringar i disse.
Øvrige betingelser etter NS 4301.

Vi håper tilbudet er av interesse og hører gjerne fra Dykk.

Med helsing

for

Ose & Aarseth A/S

Helge Ørstavik

Helge Ørstavik

Sv. tid = 6 sekunder

Adr.: Kyrkjegt. 73
Postboks 240
6151 ØRSTA
Tel.: 070-68 117
Bank: Volda og Ørsta Sparebank
Bankgiro: 3992.05.02532

Rådgivende Ingeniør
Per Mulvik
6100 Volda.

Deres ref.: Schelderup

Vår ref.: Mork

Dato: 02.03.89

Vi viser til telefonsamtale og har fornøyelsen av å kunne tilby følgende veieutstyr til bilbrovekt.

- 1 stk Toledo bilvekt modell 7600 med bro av prefabrikerte betongelementer (6m x 3m) for plasering i grop/ovenpå mark.
- Plattformstørrelse : 6m x3m
Kapasitet : 20/30 tonn
Nøyaktighet : 3000 delinger, godkjent av Det Norske Justervesen kl.3
Fundament : Byggherre etter Toledo tegninger
Antall lastceller : 4 stk
Kapasitet pr celle : 22,5 tonn
- 1 stk Toledo vektindikator modell 8530 i bordmodell med manuell tara, autotara, id-nr., tid, dato og tararegister med 10 taravekter, automatisk nullpunktsholding og datautgang RS232, RS422 eller 20 ma current loop.
- 1 stk Lynbeskyttelse bestående av overspennings- og jordingssystem.
- 1 stk Montasje av ovennevnte anlegg.

Funksjonsbeskrivelse.

Vi tilbyr Toledos nye bilvekt modell 7610 -6m .Vekten er av betong i prefabrikerte elementer på 6m X 3m .Varmekabler kan støpes inn i betongen.

Det er brukt neste generasjon av lastceller, nemlig den DIGITALE lastcellen der omvandlingen frå analog til digital signaler skjer i ein innebygd elektronikk i veiecellen. I stedet for analogt signal frå 0-30mv kan vi nå sende digitale signaler på 5 volts nivå, hvilket er rellativt ufølsomt for forstyrrelser og fuktighet.

PIN LOAD cellen er laget i rustfritt stål, den er hermetisk tett og veiecellen er fylt med edelgass.
Følgende fordeler oppnås med dette:

- Ingen problemer med vann/fuktighet
- Ingen rustproblemer
- Ingen problemer med radioforstyrrelser
- Ingen problemer med lyn eller overslag.

Vektindikator modell 8530 har som standard.

- Tid og dato
- ID-nr (kan brukes til reg.nr. eller varenr.)
- Løpenr. (akkumulerende pr stk.veining)
- Manuell tara
- Automatisk tara
- Automatisk nullpunkt
- Delsummering
- Totalsummering
- Tararegister med 10 taravekter
- Printerutgang
- Datautgang

Registreringsutrustning.

- 1 stk Acer PC Modell 710 med 20 Mbytes harddisk og 1 stk 360 Kbytes diskettstasjon.
- 1 stk Microline 1821 printer
- 1 stk Toledo bilprogram. Beskrivelse av program, se vedlegg.

Bilprogrammet er skrevet i TURBO Pascal og operativsystemet i MS-DOS.

Det ligger ingen begrensing på antall kunder, antall biler, eller antall varer i registrene. Alle skjermbilder kan kundetilpasses, det samme gjelder alle utskrifter. Alle veiinger blir lagret på harddisk og kan hentes ut via div. rapporter.

en av rapportene er en logfil, dvs en rapport som blir lagret på harddisk i Acchi format. Denne fil kan hentes ut av et annet system for fakturering.

Prissammensetning.

- 1 stk. bilvekt mod. 7610 6m inkl. indikator.
- 1 stk. montasje.

pris eks.mva

Kr:142.000,-

Dersom det ønskes ståldekke istaden for betong blir det eit tillegg i prisen på KR:32.000,-
Størrelsen blir då 7m x 3m.

PC-løsning

1 stk. ACHER 710
1 stk. bilvektprogram m/opplæring
1 stk. mikroline 182I printer

Pris eks.mva

Kr:58.000,-

Priser på div. tilleggsutstyr.

Stordisplay	kr. 14.600,-
varmekabler i bro	kr. 23.000,-
nettstabilisator	kr. 3.900,-
OKI 1192I printer	kr. 7.800,-
OKI 182 printer for tilkobling til 8530	kr. 7.100,-

Bekostes av kjøper.

- Frakt av lodder
- Eventuell kranleie
- Montasje er forutsatt å foregå uhindret av annen virksomhet
- Truck eller kranbil stilles til disposisjon under justeringen
- Fundamentplate, eventuell gruve
- Elektrisk opplegg
- Justergebyr kr. 4.620,-
- Utegebyr justervesen kr. 150,- pr. time.

Betingelser

Leveringstid : 8 uker
Leveringsbet. : FOB Skedsmo
Betalingsbet. : 1/3 ved bestilling
2/3 ved levering

Valutaforbehold : SEK 100,- = NOK 108,-

Vi håper tilbudet er av interesse og ber Dem ta kontakt med oss om De ønsker ytterligere opplysninger.

Vi ser fram til å høre frå Dem.

Med vennlig helsing
INPRO automasjonsteknikk ANS


Johnny Mork.

Sak 20/89 Innreiingsarbeid, valg av entreprenør.

Ivar Aambakk A/S har tidlegare fått entreprisen på betong- og stålarbeidet som omfattar det vesentlege av byggearbeidet. Dette arbeidet gjekk ut på offentleg tilbod utan at innreiingsarbeidet var med, noko som vart gjort for å spare tid. Innreiingsarbeidet og betong-/stålarbeidet grip mykje inni kvarandre, og ein såg det som uheldig på grunn av framdrifta at fleire entreprenørar skulle inn i prosjektet. Ivar Aambakk A/S vart derfor beden om å gje pris på innreiingsarbeidet. Innreiingsarbeidet var på førehand grovt kalkulert til kr. 300.000,- eks. mva., medan tilbodssummen frå Aambakk lyder på kr. 351.769,- eks. mva. Tilbodssummen omfattar fullt ferdig velferdsavdeling og inkluderer m.a. våtromspanel i dusjar/garderober, ståldører i trapperom, ledda heiseport i aluminium, spiraltrapp, sanitærutstyr, minikjøkken med kokeplater og kjøleskap, varmtvassbereder, maling og golvbelegg. Prisane samsvarar godt med dagens vanlege prisnivå.

Tilråding til vedtak:

Ivar Aambakk A/S blir tildelt innreiingsarbeidet for kr. 351.769,- eks. mva. under føresetnad av at tilfredsstillande kontrakt blir oppnådd.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 21/89 Arbeidsgjevaransvaret.

Det har ved fleire høve tidlegare blitt gjort forsøk på å få avklart arbeidsgjevaransvaret, og ulike syn har kome fram.

Spørsmålet er seinast teke opp med Kommunenes Sentralforbund, som kort og greit svarar at arbeidsgjevaransvaret ligg hos det interkommunale selskapet.

Når det gjeld spørsmål om overflødige stillingar, svarar Sentralforbundet at hovudavtalen kap. 3.3.b) omhandlar arbeidsgjevar sine plikter i samband med dei verknader planlagde/føreståande endringar i verksemda vil få for arbeidstakarane. Arbeidsmiljølova § 60 gjev vern mot usakleg oppseiing.

Arbeidsmiljølova § 67 seier kva fortrinnsrett arbeidstakar som er oppsagd p.g.a. arbeidsmangel, har til ny stilling i same verksemd.

Sentralforbundet seier til slutt at reinhaldsverket vil ha det formelle ansvaret for dei tre overflødige stillingane, men det er ikkje noko til hinder for også å drøfte problemet med dei deltakande kommunane for såleis å finne ei tilfredsstillande løysing.

Tilråding til vedtak:

Styret tek til vitande utgreiinga frå Kommunenes Sentralforbund, og vil orientere kommunane om saka.

Helge Remøy la fram fylgjande forslag til vedtak:

"Eg kan ikkje sjå noko forskjell på Ørsta/Volda Lufthamn og Reinhaldsverk. Då begge skal vere eit service-organ for begge kommunane og til brukarane sitt beste, meiner eg at det er best at vi får same arbeidsgjevaropplegg for begge.

Og at kommunane har arbeidsgjevaransvaret."

Forslaget frå Helge Remøy fekk 1 røyst.

Administrasjonen si tilråding til vedtak vart vedteke med 3 røyster, Øye, Aarflot, Bere.

Sak 22/89 Instruks for driftsleiar.

Det er utarbeidd forslag til instruks for driftsleiar.

Ein har ikkje sett det føremålstenleg at driftsleiaren sine gjeremål skal detaljregulerast gjennom ein instruks. Utforminga har difor eit generelt preg, der hovedoppgåvene er trekt opp.

Skal instruksen gjerast meir detaljert, må dette skje etter at anlegget har vore i drift ein periode.

Tilråding til vedtak:

Forslaget til instruks for driftsleiar blir godkjend.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK.

INSTRUKS FOR DRIFTSLEIAR.

1. Driftsleiaren har ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket.
2. Styret er driftsleiaren sin overordna, og driftsleiaren rapporterer til styret.
3. Driftsleiaren skal delta i styremøta med innstillingsrett, men utan røysterett.
4. Driftsleiaren forvaltar budsjettet. Alle rekningar til reinhaldsverket skal tilvisast av driftsleiar. Volda kommunekasse disponerer reinhaldsverkets driftskonto. Driftsleiaren skal føre attestasjonsrekneskap. Styreformannen skal tilvise driftsleiar sine rekningar.
5. Driftsleiaren skal ha som overordna mål å legge opp til ei best mogleg forretningsmessig drift av reinhaldsverket.
6. Rutinane kring innsamling og drift av omlastingsstasjon skal leggest opp av driftsleiaren. Det skal til ei kvar tid vere reint og ryddig på omlastingsstasjonen, og det er driftsleiaren si plikt å påsjå at reinhaldsrutinane blir utført tilfredsstillande.
7. Driftsleiaren skal syte for registrering av alt avfall som blir levert på omlastingsstasjonen, og påsjå at dette blir betalt etter satsar godkjent av styret.
8. Styret kan pålegge driftsleiaren andre oppgåver som naturleg høyrer inn under reinhaldsverket.
9. Driftsleiaren pliktar å finne seg i dei endringane styret måtte gjere i denne instruks.

Sak 23/89 Arbeidsformann/NK.

Driftsleiaren har peika på at det er behov for å ha ein arbeidsformann/Nk i reinhaldsverket. I tider der driftsleiaren er fråverande må ein annan person ta over driftsleiaren sitt ansvar. Det er såleis naudsynt at ein person i tillegg til driftsleiaren må ha innføring og opplæring i dei daglege rutine ved omlastingsstasjonen, slik at drifta kan gå sjølv om driftsleiaren er fråverande. Det er naturleg at ein av dei tilsette får funksjon som arbeidsformann/NK.

Tilråding til vedtak:

Styret finn det naudsynt at i tillegg til driftsleiarstillinga skal ein av dei tilsette ha funksjon som arbeidsformann/NK.

I driftsleiaren sitt fråver gjeld driftsleiarinstruksen for arbeidsformann/NK.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Knut Bere
Rasmus R. Aarflot
Knut Brune
Jan Driveklepp


Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt sakene frå styremøte 29.3.89 der Lars Petter Øye, Helge Remøy, Knut Bere, Knut Brune og Per Schjelderup møtte.

Volda 30.3.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 11/89 Valg av elektroentreprenør.

Samtlege elektroinstallatører i Volda og Ørsta har fått førespurnad om å gje tilbud på elektroinstallasjonane.

3 tilbud vart innlevert, kfr. vedlagde oppstilling.

Tilråding til vedtak:

Ose & Aarseth A/S blir valgt til elektroinstallatør under føresetnad av at tilfredsstillande kontrakt blir oppnådd.

Det skal monterast fotocelle på utelysa, som skal utførast med NA-lamper for å unngå blanding.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 12/89 Valg av ventilasjonsentreprenør.

Samtlege ventilasjonsentreprenører i Volda og Ørsta har fått førespurnad om å gje tilbod på ventilasjonsanlegg.

2 tilbod vart innlevert, kfr. vedlagde oppstilling.

Tilråding til vedtak:

Br. Lundberg A/S blir valgt til ventilasjonsentreprenør under føresetnad av at tilfredsstillande kontrakt blir oppnådd.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 13/89 Skifte av transportør.

Frå Søre Sunnmøre Transportsentral A/S har det kome melding om at Trond Ryslett ynskjer å trekkje seg som transportør.

SST søkjer om å få nytte Vartdal Transport A/S v/Inge Vartdal i staden for Ryslett.

I fylgje avtalen med SST skal skifte av transportør skje i samråd med reinhaldsverket.

Skifte av transportør vil ikkje få konsekvensar for transportkostnaden.

Eg ser det slik at det er Søre Sunnmøre Transportsentral A/S som er reinhaldsverkets avtalepart, og kven dei brukar som operatør er for så vidt av underordna interesse. Av omsyn til den daglege drift er det likevel viktig for reinhaldsverket at transportøren har nødvendig kapasitet til å utføre oppdraget på ein tilfredsstillande måte.

Så langt ein kjenner til har Vartdal Transport A/S slik kapasitet.

Tilråding til vedtak:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk har ikkje innvendingar mot at Vartdal Transport A/S v/Inge Vartdal overtek transportoppdraget på vilkår som framgår av kontrakt, og med Søre Sunnmøre Transportsentral A/S som reinhaldsverkets avtalepart.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk har ikkje innvendingar mot at Vartdal Transport A/S v/Inge Vartdal overtek transportoppdraget på vilkår som framgår av kontrakt, og i skriv av 14.2.89 frå SST.

Søre Sunnmøre Transportsentral A/S skal framleis vere reinhaldsverkets avtalepart.

Sak 14/89 Anskaffelse av vekt.

Behovet for vektregistrering av avfall har vore drøfta ved fleire høve. Det synest klart at vekt godkjent av justervesenet er det mest haldbare ved innkrevjing av avgifter. Vektregistrering er aktuelt ved levering av forretningsavfall og tilfeldig avfall. Hushaldningsavfall innsamla av reinhaldsverket treng ikkje vegast lokalt, men blir registrert på Grautneset for utrekning av forbrenningskostnad.

Det blir arbeidd med å skaffe opplysningar om vekt. Ein tenkjer seg vekta plassert på øvre plan med mål 3 x 6 m. Prinsippet går ut på veging av kjøretøy før og etter tømning og automatisk registrering av vekta. Dette vil så danne grunnlag for innkrevjing av avgifter.

Etter dei opplysningar som til no er innhenta, vil kostnaden ligge på ca. kr. 300.000,-. Avgjerd om vekt hastar, då det må utførast spesiell fundamentering for denne.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek å anskaffe vekt med mål 3 x 6 m, montert på øvre plan. Bindande tilbod skal framleggast snarast.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535


Lars Petter Øye
Helge Remøy
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Jan Driveklepp
Knut Brune

Volda/Ørsta Reinholdsværk.

Vedlagt blir oversendt saker frå styremøte 7.2.89 der samtlege møtte.

Volda 8.2.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA



FULLMAKT.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk v/styret, har gitt slike fullmakter vedkomande disponering av kontoar i Sunnmørsbanken A/S:

1. Konto nr. 8702.06.86748 - byggelån:

Kontoen blir nytta til betaling av fakturaer frå entreprenørar/leverandørar i samband med bygging av omlastingsstasjon. Kontoen blir disponert av Per Mulvik A/S v/Per Schjelderup. Bankgiroar skal vere adressert til Volda/Ørsta Reinhaldsverk og underteikna Per Schjelderup før utbetaling kan skje.

2. Konto nr. 8702.05.03821 - kassekreditt/driftskonto:

Kontoen blir nytta til den daglege drift av reinhaldsverket. Kontoen blir disponert av Volda kommunekasse. v/Rolf Chr. Ørnholt eller Per Melby

3. Konto nr. 8702.09.75561 - høgrentekonto:

Kontoen blir nytta til plassering av tilskot frå Miljøverndepartementet, lån frå Realkreditt og Kommunalbanken, samt lån frå Bolig og Næringskreditt A/S til kjøp av bil om slik plassering synest formålstenleg.

Kontoen blir disponert av Per Mulvik A/S v/Per Schjelderup, og blir brukt ved overføringar til byggelånskonto.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Lars Petter Øye, styreform.

Samrøystes vedteke i styremøte 7.2.89.

Sak 5/89 Kassekreditt og byggelån.

Saka har tidlegare vore handsama av styret i sak 18/88 b), 19/88 og 1/89 og av representantskapet i sak 8/88 og 9/88.

I sak 8/88 vedtok representantskapet å låne inntil slike beløp:

Byggelån	kr. 5,1 mill.
Fastlån	kr. 1,4 mill.
Kassekreditt	kr. 3,1 mill.

I sak 9/88 vart Sunnmørsbanken A/S valgt til banksamband for kassekreditt og byggelån, medan Realkreditt vart valgt for fastlånet. Dette låneopptaket er godkjent av fylkesmannen, medan kommunane vedtok å kome tilbake til kassekreditt og byggelån når endeleg lånevilkår ligg føre.

Etter at det har blitt klart korleis kapitalstraumen vil gå, har styreform. og sekr. vore i drøftingar med Sunnmørsbanken A/S om tilpasning av lånevilkår ut frå dette og i samsvar med bankens tidlegare tilbod.

1. For byggelånet er limit endra frå 5,1 mill. til 1,0 mill., og renta er sett ned 0,5 % til 12,25 % p.a. Årsaka til reduksjon av limit er at lån i Realkreditt og Kommunalbanken blir utbetalt så snart garantivedtaka er godkjende av fylkesmannen.
2. For kassekreditt er limit endra frå 3,1 mill. til 1,0 mill., og renta er sett ned 0,5 % til 16,5 % effektiv. Årsaka til reduksjon av limit er at overføring av midlar frå kommunane skal skje forskotsvis, slik at behovet for kassekreditt er redusert.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Styret vedtek å ta opp byggelån stort kr. 1,0 mill. på vilkår som går fram av tilbod av 25. jan. 1989 frå Sunnmørsbanken A/S.
2. Styret vedtek å ta opp kassekredittlån stort kr. 1,0 mill. på vilkår som går fram av tilbod av 25. jan. 1989 frå Sunnmørsbanken A/S.

Sak 6/89 Innsamlingsrutinane.

Representantskapet gjorde i sak 6/88 pkt. 7 slikt vedtak:

"Sekretariatet får i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise."

På det tidspunkt vedtaket vart fatta, april 88, gjekk framdriftsplanen ut på at omlastingsstasjonen skulle vere driftsklar i løpet av hausten 88. På grunn av lang saksbehandlingstid i ymse organ, har saka drege ut, slik at omlastingsstasjonen vil bli nærare eitt år forseinka i høve til tidlegare planer.

Styret i reinhaldsverket har lagt opp til at innsamlingsrutinane skal rasjonaliserast. Korleis dette vil slå ut veit ein først når omlastingsstasjonen har vore i drift ein periode. VIAK A/S har gitt pris på utarbeiding av tilbodsdokument og innhenting av tilbod på privat innsamling. Begge kommunane har gjort vedtak om at ein føresetnad for privatisering er at dei tilsette skal sikrast vidare arbeid. Volda kommune har elles knytt til at tilsetjingsvilkåra skal vere dei same som kommunetilsette arbeidstakarar har, og at reinhaldsverket sine bilar kan seljast til ein tilfredsstillande pris.

Ein viktig føresetnad for innhenting av tilbod på innsamlinga må vere at det finns eit relevant samanlikningsgrunnlag. Det er såleis viktig at opplegget som styret har skissert blir sett i verk og blir halde i drift til rutinane er innarbeidde, slik at kostnadene direkte kan samanliknast med dei tilbod som blir innhenta.

Slik situasjonen er no, vurderer ein det slik at det vil gå eitt år før naudsynt erfaringsmateriale er klart. Det vil såleis vere føremålstenleg å vente med innhenting av tilbod til 1990.

Før spørsmålet om evt. privatisering av innsamlinga skal endeleg avklarast, må det takast stilling til ei rekkje andre spørsmål knytte til renovasjonen. Dette gjeld anlegg og drift av grovavfallsfyllplass, slambehandling, spesialavfall og batterimottak og anna. Desse tenestene er dessutan av ein slik karakter at det nok er mest føremålstenleg at dette er underlagt offentleg styring/drift.

Omlastingsstasjonen skal vere i reinhaldsverkets eige, og dei ovannemnde tenestene vil bli koordinert via stasjonen. Vidare må reinhaldsverket ha den overordna styringa. Det synest difor klart at reinhaldsverket må ha tilsette sjølv om innsamlinga skulle bli privatisert.

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Volda/Ørsta Reinholdsværk vil avvente vurdering av innsamlingsrutinane til det er gjort naudsynte erfaringar med det opplegg for drifta som allereie er vedteke. Spørsmål om privatisering av innsamlinga blir såleis å vurdere på eit seinare tidspunkt.

Samrøystes vedteke i styremøte 7.2.89.

Sak 8/89 Val av entreprenør til byggearbeidet.

Vedlagt følger oversikt over kontrollrekna tilbud. Ivar Aambakk A/S, Ørsta, har det klart rimelegaste tilbudet.

Tilråding til vedtak:

Ivar Aambakk A/S blir valgt til entreprenør for bygget under føresetnad av at tilfredsstillende kontrakt blir oppnådd.

Samrøystes vedteke i styremøte 7.2.89.

Sak 9/89 Framdrift i byggearbeidet.

Gravearbeidet vart sett i gang før jul, men på grunn av sterk nedbør har det ikkje vore mogleg å foreta nemnande arbeid etter årsskiftet. Massene i grunnen er av ein slik art at den må bearbeidast i tørre perioder. Skal arbeidet forserast, må det tilkøyrast andre typer masser. I tilbodet er det rekna med tiltransport av masser av same kvalitet som er på tomta. Skal arbeidet kunne forserast, må det tilkøyrast steinmasser til ein meirkostnad på kr. 48,75 pr. m³. Grovt rekna vil meirkostnaden ligge på ca. kr. 75.000,-. Betongentreprenøren er klar til å starte arbeidet, men før dette kan skje må ein enten ta denne meirkostnaden, eller kanskje vente til våren.

Tilråding til vedtak:

Det skal tilkøyrast eigna masser slik at byggearbeidet kan starte snarast råd.

Samrøystes vedtøke i styremøte 7.2.89.

Sak 10/89 Etablering av mottak for spesialavfall.

Driftsleiaren orienterte om at det kan søkjast om løyve til etablering av mottak for spesialavfall.

I denne samanheng blir det arrangert kurs for operatørar som samlar inn eller tek i mot spesialavfall.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Det skal søkjast om løyve til etablering av mottaksanlegg for spesialavfall.
Driftsleiaren skal delta på kurs for operatørar.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Jan Driveklepp

Knut Brune


Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt saker frå styremøte 17.1.89, der samtlege møtte.

Volda 18.1.89

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 1/89 Kassekreditt og byggelån.

I sak 19/88 vart Sunnmørsbanken A/S Volda valgt til banksamband. Tilbod på kassekreditt vart gitt i to alternativ. Kva for alternativ som for reinhaldsverket var det gunstigaste, var avhengig av korleis overføringsrutinane frå kommunane vart. I påvente av ei slik avklaring kunne såleis ikkje alternativ velgast på det tidspunkt saka var oppe. Av brev frå fylkesmannen av 9.1.89 går det fram at kommunane på nytt vil handsame garantiar for kassekreditt og byggelån.

Spørsmålet om overføringsrutinane er ennå ikkje ferdighandsama i kommunane, men det ser ut til at kommunane vil overføre midlar ein gong pr. måned, tilsvarande 1/12 av innkrevd avgift. Om så skjer vil behovet for kassekreditt vere relativt lite, slik at alt. A i Sunnmørsbankens tilbod av 23.9.88 blir det beste.

Alt. A går ut på flat rente 16,0 % p.a., kvartalsvis kapitalisering, etterskotsvis renterekning. Ingen etableringsgebyr. Eff. rente 17,0 %.

Tilbodet som vart gitt gjaldt kassekreditt med limit 3,4 mill. kr. Som nemnt ovanfor vil limit truleg kunne reduserast vesentleg.

Sidan Sunnmørsbanken A/S gav sitt tilbod 23.9.88 har rentenivået gått merkbart ned. Det bør såleis vere naturleg å ta opp tingingar med Sunnmørsbanken A/S om gunstigare vilkår i rentenivået, samstundes med at limit blir redusert.

Når det gjeld byggelånet har Sunnmørsbanken A/S gitt tilbod på eff. rente 16,33 % ved 75 % utnytting, 17,08 % ved 60 % utnytting og 17,83 % ved 50 % utnytting. Finansieringskjeldene for bygget er tilskot frå Miljøverndepartementet, lån i Kommunalbanken og lån i Realkreditt.

Frå Kommunalbanken og Realkreditt vil midlane kunne takast i bruk før byggestart, og frå Miljøverndepartementet er allereie 50 % av tilskotet utbetalt. Behovet for byggelån er såleis vesentleg redusert, under føresetnad av at behandlingstida er kort i Realkreditt og Kommunalbanken. Også for byggelånet bør det vere grunn til å ta rentenivået opp til drøfting.

Sak 1/89 forts.

Tilråding til vedtak:

Under føresetnad av at kommunane betalar til Volda/Ørsta Reinhaldsverk kvar månad 1/12 av utlikna avgift, vil reinhaldsverket velge Sunnmørsbanken A/S sitt tilbod av 23.9.89, alt. A, for kassekreditt. Limit blir redusert til kr. 500.000,-.

Når det gjeld byggelånet, ynskjer Volda/Ørsta Reinhaldsverk å ha tilgang til å kunne nytte deler av dette dersom behandlingstida i Realkreditt og Kommunalbanken skulle tilseie det. Tilbodet frå Sunnmørsbanken A/S av 23.9.89 blir lagt til grunn.

Det skal tingast med Sunnmørsbanken A/S om gunstigare rentebetingelsar både for kassekreditt og byggelån.

Volda og Ørsta kommunar blir bedne om snarast å gjere nødvendige garantivedtak.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Sak 2/89 Tilleggsavtale med Tafjord Kraftselskap.

Tafjord Kraftselskap har reagert på at reinhaldsverket ikkje har starta med 100 % levering av avfall til Grautneset, og har i brev av 12.12.88 sagt at dersom permanent levering ikkje kom i stand innån 1.1.89, var dette å oppfatte som avtalebrudd. 2.1.89 var Øye, Aarflot, Brune og Schjelderup i møte med TK for å drøfte problemet. Reinhaldsverket orienterte om dei problema som hadde oppstått. Det vart semje om at Volda/Ørsta Reinhaldsverk skal levere alt avfall frå 1.4.89. Dette har samanheng med at reinhaldsverket på dette tidspunkt har fått ny innsamlingsbil, og at ein då kan levere tre lass pr. dag. Denne ordninga må halde fram til omlastingsstasjonen står ferdig. Om ikkje reinhaldsverket startar 100 % levering 1.4.89, vil krav om økonomisk kompensasjon frå TK truleg vere ein realitet.

Tilråding til vedtak:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk leverer alt brennbart avfall til Grautneset frå 1.4.89.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 3/89 Rekneskapsføring.

Frå kommunekasseraren er det oversendt notat frå møte 5. januar, der det blir skissert korleis arbeidet med rekneskapen skal utførast.

Rutinane er foreslått slik:

Volda kommune fører rekneskapen for reinhaldsverket. I dette ligg faktiske utbetalningar, bokhalderifunksjon og rekneskapsavslutning.

Reinhaldsverket er sjølve adressat for bilag, og attesterer desse før dei blir oversendt kommunekassen.

Kommunekassen føretek utbetaling av faktura/løn og rekneskapsføringa av utgifts- og inntektsbilag.

Kommunekassen føretek momsoppgjer, trygde- og pensjonstrekk, og liknande rekneskapspliktige oppgåver, samt årsrekneskapsavslutninga.

Reinhaldsverket får rekneskapsrapportar frå kommunekassen etter behov.

Kommunen fører reinhaldsverket sin rekneskap som særrekneskap mot verket sin bank/postgirokonto.

Som unnatak vil løn bli ført over kommunen og ført som refusjonskrav så lenge kommunen er arbeidsgjevar for dei tilsette.

Kommunen sitt tilskot til drifta vil bli ført frå kommunen til verket sin bank/postgirokonto etter avtale.

For dette arbeidet vil kommunen krevje kr. 11.230,- der 3.881,- gjeld lønsarbeid. Beløpet er eit anslag, og fakturering skjer etter faktiske meirkostnader for kassa.

Rekneskapsrapportar blir køyrd ut etter behov og vert prisa særskilt.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret har ingen merknad til rutinene som skissert av kommunekasseraren i brev av 6.1.89.

Sak 4/89 Vurdering av vedtekter/selskapsform.

Gjennom kommunal saksbehandling i samband med omlegging av renovasjonsordninga har det frå Volda kommune blitt reist spørsmål om omlegginga i det heile er noko framskritt for kommunen. Eg forstår det slik at skepsisen først og fremst gjeld at selskapsforma (interkommunalt selskap etter kommunelova) fråtar kommunen styringa, men sit att med det overordna arbeidsgjevaransvaret.

Dersom kommunen ynskjer å kvitte seg med dette ansvaret, antar eg at endring til aksjeselskap vil vere vegen å gå. Om ynskjeleg kan rekneskapsføringa utførast av private rekneskapskontor. Dersom selskapsforma skal endrast og rekneskapen skal utførast av andre enn Volda kommune, vil dette betinge vedtektsendringar. Eit spørsmål som då melder seg, er om andre enn kommunane sjølve kan kreve inn offentlege avgifter.

Tidlegare har representantskapet gitt styret pålegg om å vurdere privat innsamling. Spørsmål om dette er no til behandling i kommunane, slik at desse kan kome med innvendingar om dei ynskjer. Skulle det skje at innsamlinga blir privatisert, vil reinhaldsverket ha tilsette berre til drift av komprimatorstasjonen, 1-2 stillingar. Behovet for endra selskapsform vil i ein slik situasjon vere liten.

I alle høve bør spørsmålet om privatisering eller ikkje bli avklart før endring av selskapsform blir teke opp til nermare vurdering.

Tilråding til vedtak:

Styret vil vente på avgjerd i spørsmålet om innsamlinga skal privatiserast eller ikkje før vedtektene og selskapsforma blir teke opp til nermare vurdering.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA, 18.01.89

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Tafjord Kraftselskap
Postboks 8055 Spjelkavik
6022 Ålesund

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vi viser til Dykkar brev av 03.01.89.

Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk gjorde i møte 17.01.89 slikt samrøystes vedtak:

"Volda/Ørsta Reinhaldsverk leverer alt brennbart avfall til Grautneset frå 1.4.89."

Reinhaldsverket har oppretta slik adresse:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
Postboks 243
6101 Volda

Med helsing

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

